

Kyrkjeklokka

Nr 1 - 2017

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

81. årgang



*God
Påske!*



Påskeandakt
Det er sant
s. 2



Vi øver på Inntok i Jerusalem, s. 13

Konfirmasjonsførebuing
på 1930-talet -
ikkje for pyser
s. 8

Martin Luther -
reformasjons-
jubileet i 2017
s. 14

Konsert og festkveld
på Yrineset!
s. 20

Frivillighet -
møte mellom mennesker
s. 17

Det er sant

av Olaf Sigurd Gundersen

Telefonen ringjer. Ein mann seier han må snakke med meg. Ein halv time seinare sit han i stolen rett overfor meg. Det første han seier, er: «*Det bildet som heng framme på venstre sida i Vereidskyrkja, er sant. Eg har sett det*».

Ei tid før vart der i Vereide kyrkje hengt opp eit måleri av den danske kunstnaren Sven Havsteen Mikkelsen. Bildet har tillelen EMMAUSVANDRARA-NE eller GJENKOMSTEN. Vi ser i framgrunnen omriset av to skikkelsar, i midten eit sterkt, varmt lys, Jesus.

«Sant?» spør eg.
«Ja, det er heilt sant, berre meir fantastisk».

Dette må han forklåre. Så fortel han at han er flygar. Med sjøflyet skulle han lande på fjorden i Geiranger. I flyet hadde han som passasjerar turistar. Eit stort cruiseskip hadde kome inn på fjorden og laga bølger han ikkje kunne sjå på grunn av sola. Flyet trefte ei av desse bølgjene og sokk. Passasjerane

omkom, men han vart redda som ved eit under, og hamna på sjukehus. Han fortel at før hadde han vore skeptisk til lyset i «nær døden opplevingar». «*Men det er sant. Eg såg Jesus. I eit varmt lys som utstrålte kjærleik. Eg var rett og slett skuffa då eg vakna i sjukesenga*».

Han fortel at når han vart frisk nok til det, gjekk han igjen inn i sjøflyet, flaug til Geiranger og landa på same staden.

«*Men var du ikkje nervøs?*» spør eg.

«*Nei, kvifor det*», svarer han.

«*Det er jo sant. Jesus lever*».

Seinare var det eit møte på bedehuset på Sandane. Eg tala, og ordet vart gjeve fritt. Det var fleire fine vitnemål. Men der hørde eg det kortaste og sterkaste vitnemålet eg nokon sinne har høyrte. Flygaren Egil reiser seg, tek av seg den gule regnjakka, står der i den blå flygargensaren sin og seier: «*Eg veit at Jesus lever*». Det var det heile. Så sette han seg. Det er eit vitnemål eg aldri gløymer.

Seinare omkom han i ei flyulukke utanfor Anda.

Eg undrar meg på om nokon av oss verkeleg kan leve utan ei forestilling om at det ein stad bak dei motstridingsfylte erfaringane våre om liv og død, finst ein Gud som ikkje er tve-tydig, men ein som i byrjinga let menneske reise seg av jorda og kalla dei ved namn. Og på same måten vil Gud kalle menneske ut av mørke og inn i sitt underfulle lys. Slik at menneske igjen kan vere mot kvarandre og følgje kvarandre som Gud tenkte. Døden skal ikkje lenger vere mellom dei.

Jesue sa: «*I huset til Far min er der mange rom*». Og så legg han stille og sterkt til: «*Var det ikkje slik, hadde eg sagt dykk det*». Det trur eg på, for eg får meg ikkje til å tru at Meistaren let oss leve på ei livsløgn, berre fordi han synest synd på oss menneske. Difor trur eg og at bildet i Vereide kyrkje og Egil sitt vitnemål er sant.

Kjell Fagerstrand

av Marie-Johanne Folven

Siste halvåret har vi sakna «Fagerstranden» som kyrkjetenar i Oppstryn. Gjennom 15 år har han hatt jobben.


Og det er ikkje få timar med arbeid han har lagt ned gjennom desse åra. Gjennom 12 år var han medlem i Oppstryn Sokneråd, 8 av dei som leiar. Difor fekk han, som ingen andre, eit innblikk i kva som var viktig å få til, og kva krav som vart stilte til det kyrkjelege arbeidet. Den faglege snikaren kom ofte til syne, ting vart laga og presentert til glede for

kyrkjelyden. Ikkje med dei store orda, men med eit lunt glimt i augo kom Kjell med forslag til løysingar som var råd å gjennomføre.

Laila Garlid sitt måleri etter eit foto teke av Kjetil Mork som han fekk i avskjedsgåve frå kyrkjelyden i Oppstryn, heng heime i stova hans og minner han på at vi er mange som er glade for innsatsen og vil takke for det han har gjeve til Oppstryn kyrkje og kyrkjelyd.



Minneord for Gunnar Nygjerd



»

Kyrkjeklokka har mykje å takke Gunnar Nygjerd for

Tidlegare redaktør av Kyrkjeklokka, Gunnar Nygjerd, døydde nyttårsafta 2016, 77 år gammal. Gunnar trødde sine barnesko på Nygjerd i Olden. Men alt i unge år viste han at han både elska og meistra skrivekunsten og journalistyrket. Han var knapt 20 år då han starta som journalist i Jærbladet på Bryne. To år seinare var han å finne i Dagen i Bergen. 27 år gammal vart han tilsett som redaktør i Firda Tidend på Sandane, der han lyfte avisa opp til eit nytt nivå både i kvalitet og lesardekning. Deretter vart han tilsett som Nordfjordkorrespondent for Bergens Tidende, arbeidsstaden fram til år 2000.

Det som særprega Gunnar Nygjerd var evna til å lyfte fram personar og handlingar på ein positiv måte. Han var ikkje kjendisorientert, men tvert imot oppteken av å synleggjere kvardagens stille heltar. På ein respektfull måte lyfte han fram innsatsen dei gjorde. Han evna å gje ei levande journalistisk vinkling på liv og verksemd i kyrkje og kristne organisasjonar. Dei same ideala prega omtalen

av politisk liv, kulturliv, sosialt og humanitært og anna frivillig arbeid. Han var leiar for Olden Idrettslag i mange år og var sjølv aktiv alpinist i unge år. Bak det breie interessefeltet hans låg eit grunnsyn der den kristne trua ikkje måtte "stenge verda ute", men tvert om gje rom, inspirasjon og kraft til å fange opp breidda av byggjande arbeid på Skaparen si jord.

Kyrkjeklokka har mykje å takke Gunnar Nygjerd for. Fram til år 2000 var det prestane og kateketane i dei tre prestegjelda i Indre Nordfjord som hadde det redaksjonelle ansvaret for alle 6 nummera i året. Dette var ei ordning som var overmoden for endring. Gleda var derfor stor då Gunnar Nygjerd, rik på journalistisk røynsle, sa ja til redaktør oppgåva for ein periode framover. Bladet fekk ein ny standard. Prestar og kateketar med travel arbeidsdag kunne overlate hovudansvaret til ein fagmann som evna å fornye både lay-out, innhald og stofftypar. Nygjerd opplevde at bladet i hans periode vart kåra til det beste kyrkjelydsbladet i

Noreg! Underteikna er ein av mange som er djupt takksam for all fagleg hjelp eg fekk, gitt med menneskeleg varme av ein fagmann som såg mennesket bak sine medarbeidarar! På vegner av medarbeidarar både i redaksjon og administrasjon i dagens Kyrkjeklokka vil eg bere fram ei varm takk for alt det verdifulle Gunnar Nygjerd bar fram og gav oss.

I hagen heime i Olden står ein skulpturpark laga av Gunnar og kona Johanna, ho med bakgrunn som tekstilkunstnar og formingslærer. I august 2015 fekk Gunnar og Johanna Kongens fortjeneste-medalje for sin store samfunnsnyttige innsats. Mange i Nordfjord har gledd seg over det vakre dei har skapt og det verdifulle dei to har formidla. I våre tankar og bønner vil vi no omslutte Johanna og dei to borna Ingeborg og Katrine med familiar.

Fred over Gunnar Nygjerd sitt minne.

Jon Ytrehorn

Statistikk for 2016

(Tala for 2015 står i parentes)

	Olden m /Ljosheim	Innvik	Utvik	<i>Innvik prestegjeld</i>
Døpte	8 (15)	4 (6)	2 (2)	14 (23)
Døpte, bur i soknet	5 (11)	3 (2)	2 (0)	10 (13)
Konfirmerte	13 (7)	5 (10)	3 (0)	21 (17)
Vigde	5 (4)	0 (1)	1 (0)	6 (5)
Gravferder	13 (11)	5 (5)	7 (8)	25 (24)
Gudstenester	30 (33)	25 (24)	20 (16)	75 (73)
Deltakarar ved gudstenester	2158 (2698)	1300 (1377)	981 (930)	4439 (5005)
Nattverdgjester	407 (462)	222 (267)	192 (125)	821 (854)
Offer/kollekt	87991 (95816)	40164 (41063)	39220 (47674)	167375 (184553)
Fasteaksjonen	16269 (18503)	12622 (13659)	11715 (11632)	40306 (43794)

	Hornindal	Nordsida	Randabygd	<i>Hornindal prestegjeld</i>
Døpte	12 (10)	6 (4)	6 (4)	24 (18)
Konfirmerte	19 (15)	7 (3)	4 (2)	30 (20)
Vigde	4 (4)	1 (0)	1 (1)	6 (5)
Gravferder	12 (18)	5 (8)	1 (2)	18 (28)
Gudstenester	23 (24)	19 (19)	13 (15)	55 (58)
Deltakarar ved gudstenester	2180 (2099)	1430 (1284)	681 (903)	4291 (4286)
Nattverdgjester	238 (106)	375 (258)	42 (93)	655 (457)
Offer/kollekt	49173 (39600)	53103 (57219)	16922 (8468)	119198 (135551)

	Oppstryn	Nedstryn	Loen	<i>Stryn prestegjeld</i>
Døpte	11 (7)	27 (26)	10 (12)	48 (45)
Konfirmerte	2 (8)	44 (44)	8 (7)	54 (59)
Vigde	1 (2)	6 (0)	2 (2)	9 (4)
Gravferder	8 (14)	15 (24)	3 (2)	26 (40)
Gudstenester	18 (16)	49 (43)	20 (16)	87 (75)
Deltakarar ved gudstenester	929 (992)	5946 (4836)	1894 (1430)	8769 (7258)
Nattverdgjester	320 (145)	799 (682)	181 (183)	1300 (1010)
Offer/kollekt	26751 (21687)	107739 (100084)	36495 (30872)	170985 (152643)

Tilsaman for alle tre prestegjelda

Innvik, Hornindal og Stryn



<i>Døpte</i>	86 (86)
<i>Konfirmerte</i>	105 (96)
<i>Vigde</i>	21 (14)
<i>Gravferder</i>	69 (92)
<i>Gudstenester</i>	217 (206)
<i>Deltakarar ved gudstenester</i>	17499 (16549)
<i>Nattverdgjester</i>	2776 (2321)
<i>Offer/kollekt</i>	457558 (472747)

Tala for alle tre prestegjelda tilsaman viser ei positiv utvikling, med unntak av offer/kollekt som har ein liten nedgang på rundt 3%.



Kyrkjelokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjelokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Knut Sigurd Gald
post@kyrkjelokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net
Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Fungerande sokneprest Henny Koppen
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjevevjer

Stryn kommune

Børre Lian
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 459 14 954
Måndag og torsdag kl. 09 - 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Velkommen til vår -og påskeleirar 2017

Meir informasjon og påmelding
- www.normisjon.no/sof
- e-post: acta.sof@normisjon.no
- tlf: 57 86 63 49



Acta – barn og unge i Normisjon startar leiråret 2017 med vår- og påskeleirar på Fjordly (Bryggja) og på Teigen (Eikefjord). Å reise på leir inneber å overnatte heimanfrå, å bli kjend med nye menneske – både på sin eigen alder og med flotte leiarar, å finne på mykje kjekt saman, samt å få høyre meir om Jesus. Alt dette gjer at vi lærer noko nytt og får oppleve noko unikt – eit skikkelig leireventyr! Vi tilbyr mange spennande aktivitetar og samlingar. Vi kan mellom anna nemne båtliv, fotball, volleyball, kubb, evt. snøaktivitetar, god mat, bibelstunder, kveldssamlingar framføre peisen eller bålet, underhaldning og mykje meir! På leir er det mange menneske i sving for at deltakarane skal få ei super oppleving. Som leiarar er det med ungdommar og vaksne som brenn for at deltakarane skal ha det bra og få eit eventyr av beste sort. Finn ein leir som passar for deg og bli med, då vel!

Arrangement i Acta – barn og unge i Normisjon, vår 2017

- 19. mars: Storsamling på Fjordly (alle)
- 7.-10. april: Tenleir, Fjordly (8.kl.-18 år, 915,-)
- 22. april: Årsmøte for Acta og Normisjon, Sunnfjord Folkehøgskule
- 20. mai: Fjordlyfestival (alle)

*Bli
med
då!*



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Ta borna med til gudstenester

På praktikum lærte eg at alle gudstenester skal ha eit barneinnslag. Når eg planlegg gudstenester har eg dette for auge. Der er mange muligheiter, femteiknsbøna i starten, bevegelsessongar, «Eg faldar mine hender små», under forbøna, teiknebrett under preika. Og i kyrkjene våre er der samlingar med leiker, bøker og puslespel som borna kan ty til om dei ynskjer det.

Det er fint å inkludere born i gudstenestene på denne måten, men eg er ikkje heilt sikker på om det er nødvendig. For kva er det eigentleg med gudstenesta som ikkje passar for born? Eg skal innrømme at lange preiker, mynta på vaksne, er eit kre- vjande punkt, og difor er det fleire kyrkjelydar som har innført «søndagsskule» under preika. Då får borna vere med til eit anna rom, høyre ei bibelhistorie der, og kanskje lære ein song dei kan opptre med når dei kjem tilbake. Dette er meningsfullt og fint, men det krev sjølvstekt at nokon tek på seg ansvaret for desse samlingane. Viss preika ikkje er så lang, og borna kan sitje og teikne eller fargelegge medan den blir halden, skulle ikkje behovet for å gå ut vere så stort. Resten av gudstenesta meiner eg eignar seg for born. Mi erfaring er at born likar seg i kyrkja. Det er noko med å kome inn i det store, opplyste rommet, sjå seg om på alt som heng under taket, på alterbilette, glasmaleri og annan kunst langs veggane, lytte til musikken, nynne med på salmar og liturgi. Her i kyrkja kan dei og få litt ro og fred frå ein travel og stressa kvardag – som mange born også dessverre har.

Eg synest borna skal få sitje langt framme for å sjå godt. Heilt framme er det dessutan litt ekstra plass, så borna kan rusle rundt utan å måtte snike seg ut av kyrkjebenkane. Så vil dei kanskje setje seg i kortrappa og sjå ut over kyrkja. Det forstyrrar ikkje. Eg meiner ikkje borna skal vandre fritt omkring oppe ved alteret og turne i alterringen, men borna gjer stort sett ikkje det. Dei går litt hit og dit og ser seg om kring, observerer og får med seg meir enn vi trur.

Så får dei vere med kring alteret og gi pengar til gode formål, og dei får vere med til nattverd om foreldra vil det. Der framme kan dei få brød og vin som alle andre eller dei kan få ei velsigning.

Foreldre og fadrar lovar ved døypfonten at barnet skal bli oppdratt i den kristne tru. Og konkret får dei denne oppfordringa med seg: *De skal be for barnet, lære det sjølv å be og å bruke Guds ord og nattverden, slik at dei kan verte verande hos Jesus når dei veks opp.*

Dette skriv eg ikkje for å skape dårleg samvit, men for at foreldre, besteforeldre og fadrar skal vere sikker på at det er heilt greitt å ta med born i kyrkja. Dette er den viktigaste møtestaden kyrkje- lyden har, og her må komande generasjonar halde fram med å møtast om kyrkja skal bestå. Viss barnet skal verte verande hos Jesus når det veks opp, er regelmessig kyrkjegang til nytte og glede.

Mine born var med til gudstenester så lenge dei møtte jamald- ringar der. Når det tok slutt, dalte interessa. Difor kan det vere lurt å avtale med andre barnefamiliar at ein går i lag. Vi vaksne likar

og å møte kjenningar når vi går i kyrkja.

No har eg skrive om heilt vanlege gudstenester, der det ikkje skjer noko spesielt. Men heile året gjennom er her gudstenester som er spesielt mynta på born. Den 12. mars har vi til dømes tårn- agentgudsteneste i tre kyrkjer; Nedstryn, Olden og Hornindal. Tredjeklassingane førebur seg spesielt til desse gudstenestene laurdagen før, og så er alle velkomne til å delta i kyrkja søndag.

Gudstenestene er for alle, - kvar søndag, og skal kyrkja bestå i framtida må fleire ta borna med og kome.



Frå Lys Vaken (side 13)

Presten Vilde Silden Vinsrygg spør «Kva heiter barnet»; frå venstre etter Vilde: Sifduna Firaol, Sverre Vonheim, Sander Skåre, Anna Flo Kandal



Frå Lys Vaken (side 13)

Lag et stiihbilde som uttrykker vennskap; Mia Silden Andersen, Katrine Svarstad, Oda Svarstad Hole, John Martin Mørk, Thomas Lunde

Minneord for Anders Kirkeeide

Den 13. januar døydde Anders Kirkeeide, etter ein kort sjukdomsperiode, og kyrkja vår har mist ein trufast arbeidar og gudstenestedeltakar.

Anders var gardbrukar på Kyrkjeide, og i tillegg til garden overtok han stillinga som kyrkjetenar, som både far og bestefar hadde hatt tidlegare. Arbeidet som kyrkjetenar i Nedstryn hadde han i 42 år, og gjennom dette vart han kjend med mykje folk. Han opna kyrkjedørene for folk i sorg og glede. Han var med når skuleklassar besøkte kyrkja, og delte med born og unge av sin store kunnskap om kyrkja og folket som vanka her. Born lytta med store auge når han fortalde historia som er teikna på alterframstykket i Nedstryn kyrkje, eller om presten som fekk bile-

tet sitt saga over av ein uven. Etter at Anders slutta som kyrkjetenar i 2003 var han framleis å finne på galleriet under gudstenestene, der han støtta salmesongen med den kraftige basstemma si.

Anders hadde svært mange interesser, og han hadde ei stor boksamling. Han var stadig oppteken av å lære meir og fylgde med på nyhende. Då eg besøkte han, kort tid før han døydde ville han vite kva ein kallar fatet som nattverdelementa ligg på? Eg måtte heim og leite etter svar. Same dag lånte han meg ei bok om misjonær Nesdal frå Loen, som han meinte eg burde lese. Slik var han. Han ville gjerne leite fram bøker som han tykte vi skulle lese, og han kom stadig med kornotar som han tenkte kunne brukast i Blandakoret,

der han song bass heilt til det siste. Han las mykje og var historisk interessert. Det var alltid interessant å snakke med han, for han var ein verkeleg god forteljar.

Anders var levande interessert i kyrkja som han høyrde til, og som så å seie er plassert i tunet hans. Han kom ofte og slo av ein prat med dei som arbeidde på kyrkjegarden, og fortalde meir enn gjerne om forhold som galdt kyrkja og arbeidet på gravstaden. Mange tusen menneske har møtt Anders i og ved gudshuset på Kyrkjeide, og alle har blitt møtt med interesse og omsorg. Vi sit att med berre gode minne.

Henny Koppen

Nytt om trusopplæringstaben

Ann Elin Aabrekk Lie slutta som kyrkjelydspedagog til jul. Vi takkar for mykje godt arbeid dei 3 åra du var ein del av kyrkejaben. Takk for alt det du har gitt vidare til små og store!

Kristian Storevik er ny i staben. Han er tilsett i 50 % som kyrkjelydspedagog fram til sommaren. Vi gler oss over å ha fått Kristian med i staben.

Verd å merke seg:

Då Jesus hadde gjort brønderet og folket hadde fått ete seg mette var det endå mat igjen. Jesus bad dei om å samle opp brødbitane. Det vart 7 korgar fulle med mat. Jesus stod for matvern!

Les Matteus 16 og Markus 8



Ann Elin Aabrekk Lie



Kristian Storevik

Konfirmasjonsførebuing på 1930-talet - ikkje for pyser

(Deler av intervjuet som stod i Stryn Historielag si årbok 2016)

Intervjuar: Gunnhild Bergset

I eit triveleg hus på Lillejord på Nordsida står Marit Fjell og tek imot meg i døra. Kring huset blomstrar det fargerikt i ein fantastisk hage som ein kvar berre kan ønske seg, sjølv om ein er langt unna dei 94 åra som Marit har nådd. Eg er koma for å lytte til Marit si forteljing frå den sommaren ho «gjekk for presten» som dei på den tida kalla konfirmasjonsførebuingstida.

Det var sommaren 1936 på Fjelli. Eg starta som støylsjente den sommaren sidan eg nettopp var gått ut av folkeskulen. Same året skulle eg gå for presten. Eg hadde gleda meg til støyllivet. Eg ville heller vere på støylen enn å

gå til gards (melke kyrne i gardfjosen). Det var mykje meir travelt. Det var lettare å vere på støylen fordi vi då slapp å gå opp og ned to gongar pr dag. Når vi støyla oppe fekk vi ligge over og det var kjekt for vi var heile 11 budeier til saman den sommaren. Tenk 11 stk på Bergsetstøylen! Her var så mange terner veit du! Vi flytte krøtera på støylen i juli. Vi gjekk opp om kveldane, etter nonsmaten. Så melka vi om kvelden etter å ha sankt saman kyrne som ofte kunne vere heilt bak i Klebergdalen. Vi overnatta i selet og melka neste morgon før vi sleppte ut kyrne og sjølve gjekk heim for å hjelpe til i slåttan.

Dei dagane vi skulle bort i Innvik og lese for presten så måtte vi kome oss tidleg av garde. Då skulle eg heim og vaske meg og gjere meg klar før eg skulle vidare. Vi måtte gå på våre bein heilt

ned på Doksetøyra (ca 8 km om ein går etter vegen). Vi hadde ingen sykkel nei! Men vi fann snarvegar. Så var det å ro til Innvik der vi skulle vere kl 11. Vi rodde 6-keiping. Den sommaren var vi 7 jenter og ein gut. Vi starta med turane over til Innvik midt på sommaren og reiste bort ein gong i veka. Samlinga var i kyrkja i lag med konfirmantane frå hi sida av fjorden. Der var det pugging



Gunnhild Bergset t.v. og Marit Fjell på Bergsetstøylen

og stadige overhøyringar. Presten stod i svart kjole og med strengt blikk. Eg kan ikkje hugse at han smilte noko særleg... Dotra hans gjekk til konfirmasjonsførebuing samtidig med oss. Han var like streng med henne som med oss. Det var mykje som skulle puggast og lærast. Salmever og bibelvers. Og så var det katekisma. Du og du kor vi pugga.

Og så rodde vi heim utpå ettermiddagen. Vi hadde ete nista vår midtveis i økta der borte, men vi fekk av og til nokre øre så vi kunne kjøpe oss wienerbrød hos bakaren. Det var stas. Då vi kom i land på Dokset var det å gå opp att alle bakkane og heim. Så kom vi heim og der var det å byte om og få i seg middagen slik at vi var klar til å gå på støylen igjen.

Så skal eg fortelje om den dagen

då det heldt på å gå gale.

Det var fint og vindstilt då vi rodde bortover til Innvik. Ut på dagen når det byrja å blåse så var det berre å kome seg heim fortast muleg. Vi var komne akkurat fram for Hildaneset då det rauk opp med vind og det tok skikkeleg laust. Per og eg sat med «kjempene», men så brotna den eine åra. Då måtte vi ta i bruk ei anna åre, men det vart skeivt.

Men Per, einaste guten som var med, han var veldig flink å slå åra ned i bårene og liksom «hogge dei av». Det var metoden. Men det var ofseleg til båresprøyt og båten la seg. Vi hadde med oss mor til ein av lesarungane, for det skulle liksom vere med ein vaksen i båten kvar gong. Men då det stod på som verst, så hugsar

eg det slik at ho seig over ende og «uveta». To-tre av oss tømde lesar-koffortane våre (der vi oppbevarte bøker og skrivesaker) og brukte dei til ausekar, for i båten var det berre eit ausekar og det heldt ikkje unna. Bårene slo kraftig innover båten så det vart fort mykje vatn. . . - Marit tek ein pause, ser ut gjennom vindaug og pustar tungt-. Ja vi var ikkje høge i hatten der vi streid på. Du store min. Du veit at når du ser bårene bryt innover båten og kome mot deg, då blir du lita... Men, Anne «Inntuna» hadde sett at det bles så kraftig... Ho såg at det «kvita heise på sjøna». Det var ho som hadde telefonsentralen på Fjelli. Dotra hennar var med og les for presten den sommaren. Anne ringde til Innvik og spurde etter «lesarungane». Dei kunne fortelje at vi var reiste. Då handla ho raskt. Motorbåten

på Blakset var i ustand akkurat då, så Anne ringde til ein som hadde motorbåt i Innvik. Men han nekta å gå ut fordi det bles så kraftig. «Du får gjere som du vil» sa Anne, «men den neste eg ringer er Lensmannen, så får han bestemme». Då gjekk karen med på å ta ut.. Vi såg han nærma seg båten vår frå Innvik. Det var ei lise... Det vart ein pause i ausinga. Motorbåtføraren kasta ei line opp i båten vår, og då vinden løya eit lite bel så halte han båten vår bort til båten sin. Det var noko til gnuring,- og det var spennande. Litt for spennande. Så lasta han oss oppi båten ein etter ein til alle var om bord i motorbåten. Med robåten på slep kjempa vi oss over til bryggja på Blakset. Der la han til. Då var vi berre så hjerteleg gla for at vi var berga. Eg var så sikker på at vi skulle forlise og drukne då kampen mot bårane stod på som verst. Eg var redd. Og det var dei andre også. Og Anne som sat på sentralen og ringde etter hjelp medan ho innimellom gjekk fram og tilbake frå eine vindaug til hitt og fylgde med på vinden og bårane, ho var redd ho også. Ho såg ikkje innom neset slik at ho såg båten vår, men ho skjøna kor det låg an. Det var alvorleg, det forstod både ho og fleire. Og vi visste ingenting der vi kava på mot vinden og bølgene, om det kom til å kome nokon for å berge oss i det heile. Du veit, det var ikkje berre å ta mobiltelefonen og ringe etter hjelp i dei dagar. Men heime på Lillejord hadde vi vanleg telefon, den einaste på Bergset på den tid. Anne hadde ringt til mor mi og fortalt kva som var på ferde. Så ho vart voldsomt redd kan du vete. Dei hadde heldigvis kvarandre då. Anne var ei eineståande telefondame. Ho fungerte både som redningssentral og hjelpe-sentral.

Men då de så kom heim då,- et-

ter å ha gått oppatt bakkane?

Då vart vi mottekne med gledes-tårer. Dei var så utruleg glade for at vi hadde blitt berga. Men vi hadde ikkje ein tørr tråd på oss utanom det som hadde tørka på veg oppatt frå Dokset-øyra.

Og så,- skulle de bort att i «Vikja» veka etterpå,- var det då nokon som snakka om at dette var litt for farleg?

Ja, eg hugsar det vart snakka om, og nokon meinte vi burde få motorbåt, ein større og sterkare farkost, men eg trur ikkje det vart noko av. Eg hugsar det som at vi heldt fram med den båten vi hadde brukt heile lesartida.

Men når de kom heim att her etter denne dramatiske ferda,- var det berre å byte om og kome seg til støyls? Det var ikkje nokon krisepsykiater inn i bildet?

Marit lær. Nei, vi hadde ikkje peiling på kva det var... Det var berre å gå på med krum hals. Men eg var redd på sjøen etterpå. Eg kjende det snørte seg når vi skulle av garde i båt igjen. Lenge etterpå. Far min hadde mykje arbeid nede ved sjøen, men eg våga ikkje å gå ut ilag med broren min i båten etter den hendinga. Eg var levande redd. Og det har sete i heile tida. Men du veit; når vi skulle til lesar-time så måtte vi. Det var ikkje noko meir med det. Hadde vi ikkje hatt Per, så hadde vi ikkje kome oss til lands. Han var van med høge bårer. Og han kan ikkje hugse at han var redd. Han hadde vakse opp ut med havet veit du. Og så var det ho Anne å takke òg då, at ho fekk tak i bergingsbåt til oss.

Då du kom opp att på støylen, var det nokon du kunne snakke med om det som hadde skjedd?

Ja, eg snakka med Kjellaug Inn-tuna om det ofte. Ho hadde no vore med på det heile. Vi hadde vore like redde veit du. Så det var

noko vi kunne dele. Resten av sommaren var det same programmet. Bort i Vikja til lesing, og heimatt og oppatt på støylen. Til konfirmasjonen brukte vi kyrkjebåtane. Då slapp vi konfirmantane å ro sjølve. Vi vart konfirmert i Utvik, og når vi var ferdige med overhøyringa i kyrkja så var det ikkje meir å kvi seg til. Ein viktig og noko dramatisk sommar var over.

Marit var ikkje heilt sikker på om ho skulle fortelje denne historia slik at allmenta får greie på den. Ho var redd for at folk skulle tru at det var berre eventyr at nokon har vore nær ved å forlise på Innvik-fjorden. Men det kan skje. Eg har sjølv vore med å snu ein vindfull sommardag med ein 15-fots båt i det vi runda Hildaneset. Og då hadde vi til og med motor. Eg sit att og tenkjer på det eg har lytta til. Robåt i sjønaud og lesarkoffert til ausekar. Ein telefon i kvar grend og ein motorbåt som kan gå ut,- sjølv om føraren på det næraste måtte truast til det. Inga etterbehandling for unge menneske,- ja nesten ungar, som har opplevd å sjå døden i kvitauget. Ikkje anna enn å stelle kyrne på støylen om kvelden etter at dramaet var over. Men kanskje var det ei slag sælebot? I tillegg til å få snakke seg igjennom den skræmmande opplevinga gong på gong ilag med ei god venninne som bokstaveleg tala var i same båt.

Og så tenkjer eg på kontrastane i dag. Mobiltelefon og naudhjelp-setatar, dramatiske hendingar avbilda på instagram og FaceBook før helikopteret er framkome. Krisepsykiatri og forsikringsstillas. Og så hadde kanskje dei involverte blitt sjukmeld frå fjøs-stellet på støylen i minst ei veke.

Eller; kanskje skulle dei fått ei veke fjøsstell på støylen på blå resept?

Ja, vi elsker dette vatnet



– *Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før*, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson. Før kunne Wilson bruke mange timar på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gamal gut er det hardt å akseptere.

Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Og det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kannar med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wil-

son bur. I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass. Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reinare. Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

– *Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre. I framtida håper eg at vasstilgangen vil bli endå betre, og at folk si helse også vert betre*, seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball – slik mange 13 år gamle gutar vil gjere.

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelyder over heile landet bidrege til at millionar av menneske har fått den hjelpa dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hang opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 2-4. april.

– *Vi kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Vi må sette oss ned og sjå på*


alt vi har oppnådd desse 500 åra. Vi kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Vi må sjå på kva vi kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.

50 års-jubilanten Fasteaksjonen er den stødige pålen i Kirkens Nødhjelps daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra treng Kirkens Nødhjelp draghjelp frå våre trufaste bidragsytarar. Du kan bidra til at Fasteaksjonen vert ein suksess i kyrkjelydane i Indre Nordfjord anten ved å stille som bøssebærar, eller ved å gje pengar i bøssa.

Det har aldri vore enklare å bli brønnbyggjar! Hugs berre å vere klar med kontantar når konfirmantane og andre bøssebærarar kjem. Dei fleste plassar kjem dei tysdag 4.april! -

Kirkens Nødhjelp, region Vest- i samarbeid med kyrkjekontora og sokneråda i Indre Nordfjord

Om Gjesteskribenten Gunnar Kvåle



Gunnar Kvåle er lege og professor emeritus ved Senter for internasjonal helse ved Universitetet i Bergen. Her har han vore tilsett sidan 1990, nokre år som leiar. Ved senteret har han arbeidd med utdanning og forskning omkring helseproblem i fattige land, særleg i Afrika. I seinare år har han vore spesielt oppteken av korleis ein kan redusere vidare klimaendringar og slik kunna avgrense skadar på levekår og helse for fattige som lever i dag, skadar som i aukande grad og vil råke born i Noreg og andre rike land i deira levetid.

Kvåle har dei siste par åra hatt ansvar for ei spalte med overskrift "Klimafakta og miljøtips" i kyrkjebladet for Os sør for Bergen. *Kyrkjeklokka har fått løyve til å ta inn utdrag frå nokre av artiklane hans i dei tre nummera som følgjer i 2017.* Kvåle er aktiv medlem i styret for den norske avdelinga for "Besteforeldrenes klimaaksjon". Han har fleire gonger gjesta systera Ragnhild Kvåle Lødøen og familien hennar i Hornindal.

Kyrkjeklokka takkar Gunnar Kvåle for løyvet til å publisere frå nokre av artiklane hans, som kjem i Kyrkjeklokka i 2017.



Den vonde konflikten mellom palestinarar og israelarar synest nærmast uløseleg. Strid og og spenningar mellom dei to partane ser berre ut til å auke. Motsetningar er det også ute blant folk med høgst ulike stand-punkt. Det manglar heller ikkje på forslag til enkle løysingar.

Men enkle løysingar finst ikkje. Ofte er slike historielause. Då er det velgerande å lese ei bok som legg vekt på historia til dei to folkeslaga og avstår frå å kome

Aktuell bok om historia til palestinarar og israelarar Ett land – to folk

med framlegg til løysingar. Nyleg kom det ei bok som merkjer seg ut. Tittelen er "Ett land – to folk," forfatta av journalist Erling Rimehaug (Vårt Land). Rimehaug har gjort 30 reiser til Israel og skrive reportasjar for avisa. Under reisene har han lagt vekt på å snakke med fotfolk og leiarar både blant palestinarar og israelarar. Boka er boren oppe av respekt og kjærleik til begge partane. Rimehaug har vener i begge leirar. Han understrekar at rikare kjennskap til historia til begge partar kombinert med nærver i kvardagen har gitt han både rikare kunnskap og større

forståing for situasjonen til menneska på begge sider. Det er krevjande å gje ei sakleg framstilling av ei konflikt så sterk som den vi her er vitne til. At Rimehaug har makta dette går m.a. fram av kor samstemde ulike bokmeldarar er når det gjeld forfattaren si evne til å gje ei sakleg og framstilling av historia og ei respektfull omtale av begge partar. Vi tek med korte utdrag av slike; sjå firkantane.

Ei bok å bli klok av; ei kjelde til rikare forståing og kjærleik både til det palestinske og israelske folket. Skildringa av uskuldige sine kvardagslidingar er gripande.

Jon Ytrehorn

Rimehaugs bok er velskrevet med innsikt og empati for palestinere og jødernes situasjon. Forfatteren er kunnskapsrik, han skriver med forståelse, samtidig som han er kritisk. Men hans syn på boikott av Israel er jeg uenig i.

- Øyvind Sagedal, fung.leiar av Palestinakomiteen

I hvert kapittel avslører Erling Rimehaug sin store kunnskap og varme kjærlighet til begge folkene som er låst i konflikt...

- Conrad Myrland, daglig leder i "Med Israel for fred"

... En lettfattelig og nyansert innføring i konflikten i Det hellige land. Både historien og den aktuelle situasjonen er godt beskrevet.

- Trond Bakkevig, Prost i Oslo og tilrettelegger av samtaler og samarbeid mellom jødiske, kristne og muslimske ledere i Det hellige land

Teksten osrer av oppriktig engasjement for to folk i samme land. Den forklarer historiske hendelser og kompliserte sammenhenger på en kompetent og lettfattelig måte, samtidig som den er forsiktig, ikke-dømmende og omsorgsfull i sin beskrivelse.

- Anne Sender. Tidligere forstander i Det mosaiske trossamfunn i Oslo

Konfirmantmusikal

tekst Kristian Storevik

I år har konfirmantgruppa 2016/2017 fokusert mykje på song, aktivitetar og det å vere i lag. Det har kome ungdommar frå Stryn, Hornindal og Olden. Saman skal dei utvikle og framføre «We Are The World», ein musikal der solidaritet og nestekjærleik er eit gjennomgåande tema. Det er eit stort prosjekt der konfirmantane bidreg med drama, dans, song i

både og kor og som solist, orkester, scenekulisser og meir. Alt dette blir utviklet på øvingshelgar fram mot framføringane i Stryn kulturhus den 23. april. På fredag, den 10. februar var det mykje fokus på å øve på songar som vi skal framføre på musikalen. På laurdagen den 11. februar repeterte vi nokre av songane, øvde på trestemming og vi hadde besøk av ein frå

Kirkens Nødhjelp. Han informerte oss om kva dei arbeider for og kva pengane frå innsamlingar går til, noko som er veldig relevant for musikalen. Det kjem til å bli nokre hektiske øvingar framover, med mykje stoff som må skapast og gjennomgåast. Prosessen er i dette tilfellet like viktig som produktet, ettersom musikalen er laga for og med konfirmantane. Gleda av å skape noko frå botn av vil bidra til at den hektiske prosessen blir ein positiv og minneverdig oppleving for både leiarar, føresette og konfirmantar.

*Musikaløving på Olden skule
Bilete: Andrea Marte*



Ten Sing Norway på teambesøk

Stryn Ten Sing (SightSing) starta opp med øvingar i fjor haust etter ein periode med låg aktivitet. Gruppa har øvingar i Heimskringla kvar torsdag kl 20. Øvingane består av lek, song, band, litt fjas og litt alvor. Repertoaret veks, viljen er sterk og moglegheitene for kreativ utfolding er stor. Men av og til blir moglegheitene overveldande, og man blir litt rådvill på kva man vil fokusere på. Då er det godt å ha Ten Sing Norway, som la Stryn inn i reiseruta på sin norgesturné.

Ten Sing Norway er eit leiar-treningsprogram i regi av Norges KFUK-KFUM. Dei har base på Rønningen Folkehøgskule i Oslo, der dei utviklar eit show med ulike kreative uttrykksformer. Dei reiser rundt i landet for å framføre dette

showet, samt vere med på lokale samlingar og halde seminar i m.a. kor, band, dans, drama, teknikk m.m.

Den 2. februar kom eit team på 12 personar frå TSN på besøk for å ha ei øving med lokalgruppa. Konfirmantar og elevar frå Stryn Ungdomsskule vart invitert, noko som førte til om lag 30 deltakarar fordelt på 12 dyktige instruktørar. Øvinga bestod av lek, oppvarming og

felles korøving før pausen, etterfølgt av seminar i dans, drama og band. På slutten fekk deltakarane informasjon om ulike leiar og festivalar som Norges KFUK-KFUM arrangerer, og det blei halde ei andakt. Besøket frå Ten Sing Norway var ein stor suksess, og deltakarane koste seg. Håpet om nye medlemar i Stryn SightSing fekk eit løft, og motivasjonen blant dagens medlemar vart styrka.



Bilete: Janett Rudolph

Lys Vaken – adventsnatt i kyrkja!

tekst: Kyrkjelydspedagog Janet Rudolph - fotograf: Elisabeth Bolik Nissestad

Natt til 1. søndag i advent var femteklassingar (nokre plassar også 6.klassingar) over heile landet inviterte til å vere med på ei spennande adventsnatt i si lokale kyrkje!

Kyrkjelydane i Nedstryn og Innvik arrangerte "Lys Vaken" i 2016 saman med om lag 500 andre kyrkjelydar i Den norske kyrkja. Vi inviterte alle femteklassingar i Nedstryn og alle 5. og 6. klassingar i Oppstryn, Innvik, Utvik til å feire at kyrkja går inn i eit nytt år og at adventstida er i gang. I Hornindal vart Lysvaken utsett til no i mars.

Til Nedstryn kom det 32, til Innvik 17 born med sovepose, liggeunderlag og mange for-

ventningar til ein kveld og ei heil natt i kyrkja si. Kyrkja er vår og vi skal halde den heilag, slo vi fast. «Skal vi vere lysvaken heile natta»? (...nokon gler seg veldig, nokon gruar seg....) *NEI – det skal vi ikkje. Lysvaken vil seie å vere lysvaken for Gud og for kvarandre.* Etter at vi hadde avklart mange spørsmål rundt dette sette vi i gong med eit mangfald av aktivitetar. Då var det mellom anna kyrkjevandring i kyrkja, uteleik, pizza i fellesfjosen, soveposesamling, og førebuing av gudstenesta, med song, drama og lesing. Saman med vaksne og nattvakter vart borna samla til felles overnatting, og saman med familie og vener feira vi gudste-

neste på søndag morgon!

Så mange som 10 000 born deltok denne adventsnatta i heile Norge.

Det vart eit uforgløyemeleg kyrkjedøgn. Tenk å vakne opp til orgelmusik under ein sjølv-laga stjernehimme! Gjennom dette vart borna nysgjerrige på kyrkja, dei fekk lære meir om gudstenesta og dei fekk oppleve at dette rommet er deira eige.

Bibel til alle!

Som ein del av trusopplæringa deler vi ut Bibel til alle som er 10 år. Denne blei delt ut på gudstenesta søndag, den 27. november 2016.

Lag et stillbilde som uttrykker vennskap: Frå toppen: Victoria Bøe Fotland, Sokrates Hool Ullebø, Selma Isehaug, Fredrik A. Sunde, Jakob Osvold Sunde, Sanne Spronk



*Born frå Innvik/Utvik
Marcel Piwko, Linn Kristin Berstad, Berit Charlotte Gjerde, Arhet Kiflesus Yusief*



Nam, godt med pizza



3. klassinger frå Nedstryn og Oppstryn



Henny Koppen døypte sitt eget barnebarn Vårin



Av Tore Myklebust
sokneprest i Breim

Som førebuing til reformasjonsjubileet i 2017 studerte prestane i Bjørgvin i fjor Luther og reformatorisk teologi. Kurset gav også studiepoeng om ein skreiv ei oppgåve. Henny Koppen har skrive oppgåva: "Martin Luther og hans gudstenestefornyng, MUSIKK, MORSMÅL OG DELTAKING". Sjølv har eg skrive ei oppgåve om gravferder i Luthersk tradisjon. Dei som ikkje leverte oppgåve har skrive ei oppsummering av kurset.

Studiet vart avslutta med ein studietur til Wittenberg i Tyskland. I Wittenberg fekk vi oppleve å vere der Luther var og arbeidde. Prestane var delt i to puljar. Med på den andre turen var prost Rolf Schanke Eikum, Harald Runde, Tor Grindland og undertekna.

Elles var det forelesingar. Den lokale presten Kathrin Oxen heldt foredrag om "Å vere kyrkje i eit sekulært samfunn". Wittenberg ligg i DDR-delen av Tyskland og er eit av dei mest sekulariserte områda, med under 10% kristne. Ho snakka om situasjonen for kyrkja og om utfordringar for forkynninga og korleis kyrkja kan møte dei gjen-

Klosteret der Luther budde vart etter kvart heimen til Luther og Katarina. Katarina dreiv staden nærast som ein studentheim og residens for det som etter kvart vart ei stor verksemd. I dag er det museum

Martin Luther - reformasjonsjubileet i 2017

Sjekk elles ut for meir opplysning:
www.reformasjon2017.no

nom utdanninga av prestar/pre-dikantar. Knut Alfsvåg forelas om "Luthersk kyrkjeleg identitet i ein tverrkyrkjeleg (øumenisk) kontekst", "Luther og Melanchton" og "Luther og Wittenberg". Vi fikk også ei god orientering om reformasjonsjubileet 2017. Gjennom heile 2017 skal Luther og reformasjonen markerast over heile verda. Bergen er valt til å



Slottskyrkja som var universitetskyrkje på Luther si tid vart øydelagt to gongar av brann under krigar. På Luther si tid vart faktisk døra nytta som oppslags-tavle. I dag står tesen der utstansa i bronse



vere reformasjonsby i Norge. Der har det som sikkert mange har fått med seg no vore Lutherfest-dagar. Her i prostiet blir Reformasjonen tema på kyrkjedagen for Nordfjord laurdag 29. oktober.

Historisk bakgrunn

31. oktober 2017 er det 500 år sidan Martin Luther offentliggjorde sine berømte tesar mot avlatshandelen i Wittenberg. Dette utløyste reformasjonen, som forandra store delar av verda. Bakgrunnen for avlat er den rådande oppfatninga i mellomalderen om forholdet mellom synd, nåde og frelse som eit samvirke mellom Gud og menneske. Ganske forenkla kan ein seie at ein tenkte at Guds nåde set menneske i stand til å gjere gode gjerningar. Guds nåde saman med menneska sine gode gjerningar legg grunnlaget for frelse. Helgenane hadde eit overskot av gode gjerningar. Dette

overskotet såg ein som ein skatt som kyrkja forvalta - og kunne selje avlatsbrev. Luther var ikkje berre professor i teologi, men også prest og skriftefar. Som skriftefar opplevde Luther at folk kom med



Altartavla er målt av Lucas Cranach 1472 - 1553. Medan Luther var i dekning på Wartburg (1521–1522) vart bilder og utsmykking fjerna frå kyrkja. Luther meinte at bilda var bibelen for alle som ikkje kunne lese. Det kom opp ny kunst for det meste måla av far og son Cranach



Guiding i soknekyrkja som er omlag uforandra sidan Luther si tid



Eika der Luther brende bannbullen frå Paven. Den har vore skifta ut berre to, tre gongar

avlatbrev – dei hadde alt kjøpt seg fri frå konsekvensane av det dei skrifta. Luthers berømte avlatstesar var ikkje eit oppgjør med avlat i seg sjølv, men med det som etter Luthers meining hadde blitt eit misbruk av avlat. Men alt i

desse tesane avviste Luther ganske mange punkt i det som var gjengs lære i kyrkja.

Dette var før Luther si store oppdaging, frelse ved nåde aleine. I lys av den blir avvisinga av tanken om avlat sjølvsagt enno klarare. Evangeliet si oppgave er

å skape tru og formidle tilgjeving for synd. For Luther var det ingen plass for eigne gjerningar eller noko som helst samvirke mellom det vi gjer og frelsa. Å bli frelst er å bli erklært rettferdig for Jesu skuld. Ut frå dette er det også innlysande at heller ikkje andre menneske sine gode gjerningar kan medverke til vår frelse. Ingen menneske har noko å bidra med til eiga frelse eingong – då blir det sjølvsagt heller ikkje noko å gje bort eller å selje. Tanken om rettferdiggjering ved tru utan gjerningar kan lett føre til at ein tenkjer at det ikkje er så nøye med korleis ein lever. Det var langt frå Luthers lære.

Eit kjernepunkt i Luthers teologi er jo som kjent det å skilje rett mellom lov og evangelium. Begge delar skal forkynnast og dei er gjensidig avhengige av kvarandre. Lova er uttrykk for Guds vilje og gjeld alle menneske. Det kallar Luther Lovas første bruk. Boda er sentrum i Bibelen si lære om rett og gale. Dei uttrykkjer også kjernen i det som må vere grunnlaget for å skape ei ”borgarleg” rettferd, dvs. grunnlaget for eit rettferdig samfunn. Lovas andre bruk er å avsløre at vi er syndarar, og når vi ser at vi ikkje har muligheit for å etterleve den skal den leie oss til Kristus – få oss til å innsjå at vi treng den nåden Jesus har å gje. Det er det evangeliet handlar om. Evangeliet er Guds frelsesord.

Soknekyrkja, Stadtkirche St. Marien



Luther Glede?

av Olaf Sigurd Gundersen

«Dersom eg ikkje får lov til å le i himmelen, vil eg ikkje dit.» Det sa Martin Luther.

Lutherjubileet 2017 feirar vi til minne om at det er 500 år sidan Luther slo opp tesene sine på kyrkjedøra i Wittenberg. Hammerslaga gav gjenlyd i heile Europa. Dei var i hovudsak retta mot avlatshandelen. Han håpte paven ville gripe inn mot dette, men det skjedde ikkje. Paven trong pengar til å byggje m.a. Peterskyrkja i Roma.

Det var ei svært uroleg religiøs tid. Kristenheita var truga av muslimane som hadde inntekke Wien. Ein tenkte endetida var nær. Det var viktig å finne ein nådig Gud. Held dei gode gjeringane våre, så vi ikkje hamnar på «den heite plassen du veit»?

Det var bibelordet i Romerbrevet 1, 16-18 som sette Luther i gong: «For eg skammar meg ikkje ved evangeliet. Det er Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar. For i det blir Guds rettferd openberra, av tru frå først til sist, som det står skrive: Den rettferdige skal leve ved tru». Luther tolka dette rett inn i det viktigaste spørsmålet i samtida: «Korleis finne ein nådig Gud»?

Tankane hans vart spreidde av ivrige tilhengjarar og ved hjelp av boktrykkarkunsten. Paven truga med å lysa han i bann. Han svara med å samle studentane sine i Wittenberg og kaste bannbullen på bålet saman med eit eksemplar av den romerske kyrkjeretten. Denne handlinga provoserte enormt.

I 1521 står Luther for Riksdagen

i Worms og seier dei kjende orda: «Her står eg og kan ikkje anna. Gud hjelpe meg. Amen».

Han vert redda og får helte-status for generasjonar, sjølv om dei måtte pugge katekisma frå 1529, den læreboka som har halde seg lengst. Folk vart begeistra. Det vart danna nye kyrkjelydar med mange ulike liturgiar. Nokre av desse kalla Luther svermeriske. I 1526 gav han ut boka «Den tyske Messe». For å få orden på tilhøva skisser han der tre messer: Den gamle latinske kan brukast. Den nye tyske messa, som var open for alle. Og den tredje messa, som det ikkje vart noko av, ei messe for alvorleg vedkjennande. Den tyske messa skulle oppvekkje til tru, den tredje messa for dei som ville bli oppbygde i trua. For dei siste skulle det også gjelde kyrkjetukt. Luther opererer her med ei vedkjenningkyrkje i den nominelle kyrkja. Kyrkja er ikkje noko, men nokon. Han sette ikkje dette ut i livet. Men slike tankar har tidvis kome til uttrykk på bedehus og i nokre organisasjonar og frikyrkjelydar. Dei synest for nokre å vere aktuelle i dag. Luther ønskte å halde saman og ikkje splitte.

Luther levde frå 1483 til 1546. Det er fleire som meiner at han døde 5 år for seint. Mot slutten av livet hans kjem antijødiske skrift frå han som tidleg på 20-talet kritiserte den katolske kyrkja for å handsome jødane som hundar, og understreka sterkt at Jesus var jøde. Men mot slutten av livet vert han meir og meir reaksjonær og ein teolog i fyrstemakta si teneste. Han kom med harde ord om

homofile og psykiske utviklingshemma. Men verst var han mot jødane.

«Jødane lever jo mellom oss, og vi veit korleis dei lyg, baktalar og svergjer. Vi kan ikkje godta dei. For det første bør synagogene brennast og det som ikkje brenn, tildekkast med jord. Det skal skje til Guds og kristendomen si ære». Men handsaming av jødane er det mest vanærande for kyrkja.

Luther sine tankar var lite kjende i Norge. At ein munk klatra opp i eit tre utanfor tyskekyrkja, Mariakyrkja, i Bergen og song Luthersalmar, har ikke hatt så mykje å seie. Grevefeiden i Danmark enda med at Christian den 3. fekk makta. Han innførte Reformasjonen. Prinsippet var at herskaren valgte religion for folket. Ein effektiv måte å innføre ei ny kyrkjeordning på.

Då Christian den 3. var konge i 1537 og erkebiskop Olav Engelbrektsson måtte røme landet, vart det indre sjølvstendet for Norge tapt og den katolske kyrkja avskaffa. Kongen konfiskerte kyrkjegodset saman med gull og sølv som var i kyrkjene. Dette var mykje større verdier enn oljefondet.

Luther har blitt teken til inntekt for ortodokse, pietistar, lågkyrkjelege og høgkyrkjelege. Politiske herskarar har brukt han, frå kongar til revolusjonære og nasistar. Pietist var han ikkje når han seier: «Den som ikkje elsker kvinner, vin og song, er ein toske heile livet».

Lutherjubileet i 2017 er ikkje

berre Luther glede. I november i fjor tok Den norske kyrkja sitt bispemøte, i skrivet «Arven frå Luther og det jødiske folk» klår avstand frå det Luther sa om jødane.

Er Martin Luther ein å juble for?

Eg trur eg vil seie det slik: Vi skal ikkje tenkje som Luther, men tenkje på Luther. Han var eit barn av si tid, som vi alle er. Men mykje av det grunnlaget vi kritisere Luther ut frå stammar frå han. Ein kongle er ikkje eit grantre, men er forutsetninga for grantreet. Luther var med

å innføre eit individuelt menneskesyn, som la grunnlaget for store samfunnsendingar og førte til individuell trusfridom. Vi kan vel vere samde om at vi let oss inspirere av Luther sitt mot. Det store spørsmålet hans var å finne ein nådig Gud. Det er ikkje det mest brennheite spørsmålet i dag. Men det er der i forkledning. Mange opplever å bli møtte med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast på skulen, lukkast på jobb, lukkast sosialt og å vere nøgde med kroppen. Det er eit nådeløst press. Tru på deg sjølv og når den trua ikkje ber lenger,

kva då? Ein skulle ha vore annleis. Her trur eg det er Luthersk å seie: Slapp av. Du er OK. Gud har gjeve deg livet og vil gje deg tilgjeving for alle feiltrinna dine.

Luther heldt fram at alle var like overfor Gud og at vi tente Gud gjennom alt ærleg arbeid. Det er også ein arv vi har hatt med oss.

Frå 01.01.2017 er Den norske kyrkja skild frå staten. Så er det kanskje på tide å tenkje på kvar ein kom frå då Olav Engelbrektsson rømde landet, og kongen tok over kyrkja.

Frivillighet - møte mellom mennesker

av Brynhild Lund Notøy

Frivilligsentralane gjer eit viktig arbeid for innbyggjarane i alle aldrar i kommunane våre. I Stryn er det Marit Sandnes Skrede som er dagleg leiar og i Hornindal er det Ola Bergset Ulvedal.

I retningslinjene frå Kulturdepartementet står det mellom anna:

- vere lokalt forankra møteplass
- vere samhandlingsarena for frivillig virke
- vere kontaktpunkt for alle som ynskjer delta i frivillig verksemd
- tverrfagleg samarbeid med lag/organisasjonar og det offentlege på lokalt plan

I Stryn er Frivilligsentralen ei stifting eigd av 21 organisasjonar. I Hornindal er frivilligsentralen ei foreining. Målsetjinga er å arbeide for trivselstiltak



Marit Sandnes Skrede

basert på frivillig arbeid. Tiltaka skal knytast til barn og unge, eldre og folk flest, med sikte på å skape trivsel og bygdeutvikling. Ola Bergset Ulvedal tykkjer frivilligsentralen i Hornindal har gjort mykje for å nå målsetjinga. I 2016 hjalp Frivilligsentralen til med 14 faste rullerande aktivitetar, 6 årlege arrangement og 6 andre prosjekt. Dette er aktivitetar både for born, vaksne

og eldre. Men for å få til dette trengst det frivillige. Ola er imponert over kor mange frivillige som stiller på. I 2016 hadde Frivilligsentralen over 70 frivillige. Til saman utførte desse 1,9 årsverk. Det er ei tredobling av aktiviteten sidan 2014.

I Stryn har dei mellom 200 og 250 frivillige. Dei utførte ca. 5 årsverk i 2016. Stryn har aktivitetar i alle bygdelaga. Det er aktivitetar regelmessig kvar veke, 14 dagar eller månad. Begge sentralane har aktivitetar for born, unge, vaksne, eldre. I Stryn har dei aktivitet for personar med funksjonshemming og innvandrarar. Det er mogleg å vere med på aktivitetar til sentralen i nabokommunen om det høver betre.

Begge sentralane legg vekt på aktivitetar som fremjar både fysisk og psykisk helse. Dei gjer eit godt arbeid for å fremje folkehelsa. I Stryn har dei nattevandring noko som kjem ungdom både frå Stryn og

Hornindal til gode. I Hornindal køyrer dei ut strøsand til alle over 67 år - eit godt forebyggjande tiltak. Begge sentralane har opplegg på omsorgssentera. I 2017 er det eit satsingsområde for Stryn å "bringe bygda inn på omsorgssenteret". I Hornindal skal dei starte eit prosjekt for å få ein meir variert kvardag for dei som bur på omsorgssenteret.

For begge sentralane er det viktig å skape møteplassar for dei som treng det. Særleg prøver dei å nå dei som bur aleine. For fleire aktivitetar er kaffikoppen etterpå like viktig som sjølve aktiviteten. Begge sentralane har frivillige som køyrer ut mat. Eldrelaget i Olden køyrer ikkje ut maten, men samlar dei som får middag til felles måltid. Marit Sandnes Skrede ser på dette som eit eksempel ein bør få til andre stader. Dei fleste tykkjer det er trivelegare å ete saman med andre.

Begge sentralane har vore behjelpelige med dataopplæring. Marit Sandnes Skrede vil anbefale alle som vil lære meir å melde seg inn i Seniornett. Begge leiarane poengterar sterkt det gode samarbeidet dei har med frivillige lag og organisasjonar og kommunane, både administrasjonen og politikanane.

Kvifor søkte de på stillinga ved Frivilligsentralen?

For Ola Bergset Ulvedal var det ei fantastisk moglegheit til å verte kjend med innbyggjarane i Hornindal, og han ønskte å vidareutvikle det arbeidet som vart gjort ved Frivilligsentralen. Han likte å skape aktivitet, og det er ei interesse han får bruke fullt ut. Han var difor svært glad då han fekk stillinga.



Ola Bergset Ulvedal.

For Marit Sandnes Skrede var det litt tilfeldig. Ho var arbeids-søkjar då stillinga vart ledig. Etter samtale med tidlegare leiar Turid Ulvedal Nes visste ho at det var dette ho ville. Det er fantastisk å skape aktivitet for dei som treng det, og ho starta med stor entusiasme. Begge poengterar at dei tok over etter leiarar som hadde laga gode system. Det gjorde det mykje lettare for dei.

Korleis er det å finne frivillige?

Det er ikkje alle aktivitetar det er like lett å finne frivillige til, men stort sett går det greit. Det er viktig med nokre nøkkelpersonar. Dei kan kome med gode innspel til personar som kan vere aktuelle. Det er viktig at dei frivillige er interesserte i den oppgåva dei skal utføre. Leiarane lagar planar for aktivitetane, og dei frivillige har stort ansvar for å følgje opp planen. Dei frivillige er samvitsfulle og gjer jobben til punkt og prikke. Når nokon ser eit udekka behov, kan dei ta kontakt med Frivilligsen-

tralen og på den måten vere med å setje i gang nye tiltak. Begge oppmodar alle, som har ein ide, om å ta kontakt!

Korleis ser de på framtida til Frivilligsentralane?

Frå 2017 er det slutt på direkte statstilskot til sentralane. Det er difor meir utfordrande å drive sentralane. For begge sentralane har både eigarane og kommunane støtta Frivilligsentralane så dei kan drive vidare. Både leiarane og styra er svært glade for det. Det er viktig å ha ein sentral som kan koordinere og vidareutvikle det frivillige arbeidet. Då kan frivillige konsentrere seg

om arbeidsoppgåva si og sleppe masse organisering. Det er lettare å skaffe frivillige når dei får sine planar. Begge leiarane understrekar at det er viktig at sentralane vert ståande som religiøst og politisk uavhengige.

For eigen del vil eg rette ei stor takk til dei frivillige, leiarane og styra for det fantastiske arbeidet som vert utført i bygdene våre!



Forbønn for skaperverket

Gud, du lar din gavmildhet strømme gjennom skaperverket.

Vi takker deg for blomstene og blomstenes vidunderlige rike, for dyrene og deres fantastiske variasjon, for sjøene, årstidene og alle duftene.

La også oss i våre liv få gjenspeile noe av din herlighet og gavmildhet.

Vi ber om at skaperverket må holdes oppe, at luften må få være frisk og ren, at alle jordens rikdommer må tas vare på, at hele verden får beholde sin skjønnhet.

Skaper, gjør oss til dine medarbeidere, så jorden kan blomstre og alle som bor her kan høste rikelig.

Vis oss hvordan vi kan følge din rytme i vårt liv og vårt arbeid, og slik ta vare på jordens store ressurser.

Keltisk bøn frå Lindisfarne henta frå presten Ray Simpson si bok
«Din rytme Din bønn» Verbum forlag 2007. Norsk omsetjing: Oskar Stein Bjørlykke.


Mat utgått på dato – dyrefor i staden for avfall!

Vi har omtala det tidlegare: Den store mengda av brukbar mat som blir kasta kvart år er sterkt urovekkjande. Mengda er oppgitt til 385000 tonn, nok til å fylle eit areal på mange fotballbaner. Men når det gjeld problemet matkasting og matsvinn skjer her også gledenlege ting i Nordfjord. Det er grunn til å gje honnør til matvarekjeder og lokalbutikkar i Nordfjord for initiativ fleire har teke for å redusere omfanget av matvarer som elles ville blitt kasta pga av utgått dato.

Underteikna (av prosten utpeika til såkalla "Grøne prostikontakter" i Nordfjord) har opplevd ein gledenleg velvilje i samtaler og kontakt med kjedeleiarar, butikkpersonale og Mattilsynet når det gjeld å finne ordningar og mjuke opp regelverket. Eit nytt steg vart teke i månads-skiftet februar/mars. Då vart det opna for at bønder kunne inngå avtale med lokalbutikken om - på faste dagar - å hente mat som går ut på dato til dyrefor. Det gjeld tre matvaregrupper: Brød og bakevarer, frukt og grønsaker. Brev har gått ut til bondelag og bygdekvinnelag i Nordfjord med oppmoding om å nytte seg av tilbodet. Vi ynskjer lukke til!

Å kaste mat er eit hån mot Skaparen og ei ringeakt for våre lidande sysken nær og fjern!

Kristen Hundeide og Jon Ytrehorn




Ein skulle tru dette er inngangspartiet til ei moderne leilegheit, flislagt golv og nye dører, kvitmåla, panelte veggjar og godt lys i taket. Men, nei; det er nok det nye toalettet i Oppstryn kyrkje som presenterer seg slik. Ein fryd for augo og ei glede for alle som må nytte seg av desse fasilitetane.

Til glede og nytte!

av Marie-Johanne Folven

Tidlegare var lokala lite attraktive, det var ikkje mykje å tilby ein trengande. Men etter lang planlegging og ei intens tid for sokneråd og medhjelparar, har dette blitt ei totalrenovering det står respekt av. Soknerådet vil takke alle som har teke del i arbeidet på ein eller annan måte, og bedrifter som har sponsa med materialar. No kan ein sjå fram til å legge turen nedom eit moderne toalett, reint og hygienisk.



I tillegg har dei som arbeider på kyrkjegarden fått eit rom til vask og lager som dei er tente med. Er du ikkje nødt, så ta ein tur nedom likevel, berre for å sjå. Det er umaaken verd.





Vil

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjelokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Tornebuska som ikkje brann opp, og historia om Moses

Josef og brørne hans vart buande i Egypt. Før han døyde hadde slekta hans rekt å bli stor. Mange år seinare kom ein ny konge til makta i Egypt. Han hugsa ikkje noko om Josef, og viste ikkje at han hadde redda dei frå å døy av svolt. Etterkomarane til Josef vart no kalla israelittar. Den nye kongen likte ikkje israelittane. Han var redd for at dei skulle bli for mektige, for dei var mange. Han fekk dei til å arbeide hardt for seg, og gjorde dei til slavar. Han ville ikkje eingong at guteborna skulle veksa opp! Difor bestemte han ein dag at kvar nyfødd gut skulle kastast i Nilen, men jentene skulle dei la leva!. Det var mennene han var mest redd for, for dei kunne starte krig. Den vonde kongen gjorde israelittane redde.

Det var stor sorg blant israelittane. Mange prøvde å finne måtar å redde guteborna sine på. Ei israelittkvinne som fekk ein liten gut, bestemte seg for at ho ville gøyma han for kongen. Ho klarte å halde han gøymd i tre månader. Så laga ho ei spesiell korg. Den kunne flyte på vatnet. Ho la babyen i korga. Så bar ho korga ned til elva. Der let ho henne flyta på vatnet. Miriam, søstera til det vesle gutebarnet gøymde seg ved elva for å sjå kva som hende med korga. Ho såg at dottera til kongen, prinsessa, kom ned til elva. Prinsessa såg korga, og blei nysgjerrig. Ho opna forsiktig korga og fann ein frisk og fin gutebaby. Ho likte babyen så godt, at ho ville at han skulle vera som hennar eigen son. Miriam såg alt dette, og gjekk bort til prinsessa. «Vil

du at nokon skal ta vare på babyen for deg, og gje han mjølk og passe på han?», spurde ho. Ja gjerne, sa prinsessa. Då sprang Miriam heim og fekk mor si til å ta seg av babyen. Då han blei stor, tok ho han med seg til prinsessa. Prinsessa kalla han Moses som tyder «for eg har drege han opp or vatnet».

Moses vaks opp på slottet og vart stor. Ein dag kom han til ein stad der isrealittane arbeidde som slavar. Då fekk han sjå ein egyptar som slo ein av slavane. Moses vart så sint at han drap Egyptaren. Då han skjønta kva han hadde gjort, vart han redd og grov han ned så ingen skulle sjå det. Dagen etter, då Moses igjen var ute, fekk han sjå to hebrearar som slost. Han sa til den som hadde skulda: «Kvifor slår du nesten din?» Mannen svara: «Kven har sett deg til leiar og dommar over oss? Tenkjer du å drepa meg slik du drap egyptaren?» Moses vart redd då han skjønte at nokon hadde sett kva han hadde gjort. Då farao fekk høyra om det, prøvde han å få Moses drepen. Men Moses rømde for farao. Han slo seg ned i landet Midjan, der fekk han bu hos presten Jetro. Etterkvart gifta han seg med dotra til presten. Ho heitte Sippora, og dei fekk to born. Lenge etter dette døydde kongen i Egypt. Israelittane sukka og klaga, for dei hadde det ikkje



noko godt. Gud hørde korleis dei stønna, og Gud kom i hug si pakt med Abraham, Isak og Jakob. Gud såg til israelittane; Gud kjende dei.

Moses gjette småfeet til Jetro, svigerfar sin. Ein dag, då han var ute med sauene, kom han til Guds fjell, Horeb. Då synté Herrens engel seg for han i ein flammande eld som slo opp frå ein tornebusk. Moses såg og såg, – busken brann, men han brann ikkje opp. Dette forsto ikkje Moses, så han sa: «Eg vil gå bort og sjå dette mektige synet. Kvifor brenn ikkje tornebusken opp?»

Då hørde han ei røyst som ropa: «Moses, Moses!» Han svara: «Her er eg.» Og Gud sa: «Kom ikkje nærare! Ta skorpe

av føtene! For staden du står på, er heilag grunn.» Så sa han: «Eg er din fars Gud, Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud.» Då gøymde Moses andletet, for han var redd for å sjå Gud. Gud sa: «Eg har sett korleis Israelittane har det i Egypt. Eg er komen for å redda dei. Eg vil sende deg til Farao for å be han setje folket mitt fri, og du skal ta dei med til eit stort og godt land. Men Moses sa til Gud: Eg kan ikkje gå til farao, eg kan ikkje hjelpe Israelittane ut av Egypt. Då svara Gud: «Eg skal vera med deg!» Men kva skal eg sei, når dei spør etter namnet ditt, svara Moses. Gud svara: «Eg er den eg er.» Derfor skal du seia til Israelsfolket; «Eg er» har sendt meg. Moses var fortsatt redd. Då sa Gud: «Kva er det du har i handa?»

Moses svara: «Ein stav». Då sa Gud at han skulle kaste staven på bakken, og Moses gjorde som han fekk beskjed om. I det same vart staven til ein orm. Moses vart redd og sprang unna. Men Gud bad han ta tak i halen på slangen. Og med det same vart slangen til ein stav igjen. Gud sa at han skulle gjere dette teiknet så Israelittane fekk sjå. Då skulle dei tru at det var Gud som hadde sendt han. Men Moses hadde fleire innven- dingar. «Eg er ingen talar. Ingen kjem til å høyre på meg.» Då svara Gud: «Bror din, Aron, kan hjelpe deg. Han er ein som kan tala. Dra no tilbake til Egypt og fortel Aron, bror din, alt eg har sagt.» Moses gjorde som Gud hadde sagt. Saman med familien reiste han tilbake til Egypt.

Det er makt i de foldede hender...

Vi veit at det allereie er mange som ber for trusopplæringsarbeidet i Indre Nordfjord, det er godt å vite! Takk for det viktige arbeidet de gjer, vi håpar de vil halde fram med dette! Vi trur bønn utgjer ein skilnad, og er takksame for all den tid og omtanke som blir lagt ned i denne viktige tenesta.

I denne spalten vil vi i kvart nummer dele nokre bønneemne med dykk.

I dette nummeret vil vi særleg minne om desse punkta:

- Tårnagent i Nedstryn, Olden og Hornindal 11-12. mars
- Trusopplæringsamlingane utover våren: Søndagskulensdag, karnevalsgudsteneste og samling for 5 åringar, Tårnagent, familiesamling der 2 åringane er spesielet invitert, konfirmanthereunion, konsert

med Trygve Skaug, osv.

- Det frivillige arbeidet i byg- dene våre.
- Årets konfirmanthull , og spesielt konfirmantmusikalen 23. april

Vi ønskjer framleis å knytte til oss nokre som kan tenke seg å

gå inn i ei meir fast bønnetene- ste for trusopplæringa. Vi vil med jamne mellomrom sende ut e-post med oppdateringar og meir konkrete bønneemne. Om du kan tenke deg å vere ein slik forbedar, er det fint om du tar kontakt på e-post: beate.nes@stryn.kommune.no.



Dei nye «Honndølene» våre

Tekst: Anne-Mette Høistad



I 2015 opplevde Norge og resten av Europa ein auka straum av flyktningar frå Midtausten og Afrika. Menneske som ikkje var trygge i heimlandet flykta, og her i Norge vart ein oppmoda om å ta imot dei som kom. I 2016 fekk Hornindal ein auke i folketalet på seks då dei første flyktningane på to tiår kom til bygda. Så langt er det kome seks unge menn frå Eritrea og Etiopia. Mussie, Tedros og Abraham kom til Hornindal allereie i april, medan Nasir, Girmay og Bishar flytta til bygda i september. Alle hadde då vore i Norge i om lag eit år og budd på ulike asylmottak på Vestlandet.

Dei fleste flyktningar som kjem til Norge deltek i Introduksjonsprogrammet etter at dei har fått ei kommune å bu i. Dette er eit toårig program med fokus på norskopplæring og kvalifisering for arbeid og utdanning. Målet er å lære norsk og kome ut i arbeid – og motivasjonen er det absolutt ikkje noko å seie på. På Vaksenopplæringa i Stryn er det norskundervisning fem dagar i veka, i tillegg til samfunns-

kunnskap, fotball og symjing.

I Hornindal har dei blant anna forsøkt seg på potetsetting og -plukking på Ytrehorn, arbeidspraksis på sjukeheimen og i uteseksjonen i Hornindal kommune, dei har vore med på dugnad før Sommarfesten i Hornindal, 17. mai-feiring i Hornindal kyrkje, trening i Honndalshallen, fotballtreningar og julefeiring på ekte norsk vis.

Julefeiring foregår på ulike måtar over heile verda, og Tedros og Girmay, begge frå Eritrea, fortel at den største forskjellen er at i Norge varar feiringa mykje lenger – her pyntast det i heile desember, og mange har fri den siste veka av året. I Eritrea feirar ein den 9. januar og feiringa varer vanlegvis berre ein dag. Der som her samlast familie til god mat, drikke og besøk i kyrkja, men neste dag er høgtida over. Nyttårsfeiringa er meir som i Norge, med fyrverkeri og nyttårstale frå presidenten.

Andre skilnadar som er lett

å legge merke til er vêret. No er det vinter også i Eritrea og Etiopia, men temperaturforskjellane kan vere uventa store med litt vel mange minusgrader. Til trass for dette fortel Mussie og Abraham at honndøler, som nordmenn flest, er både greie og venlege, men det kan vere litt vanskeleg å få kontakt med oss, særleg no om vinteren. Dei ynskjer seg gjerne nokon dei kan snakke norsk saman med, for det er vanskeleg å lære eit nytt språk.

Det er utfordrande å kome til ein ny kommune i eit nytt land og med eit nytt språk. Dei fleste av oss har nok opplevd kor vanskeleg det er å ikkje forstå eller gjere seg forstått, og vi har moglegheita til å gjere det litt lettare for dei som har flytta hit. Det kan til tider vere lettare å sjå forskjellar enn likskapar, men det forsvinn raskt når ein vert kjent med menneska, som i det store og heile ikkje er så veldig ulike ein sjølv. Det er ikkje så langt frå Eritrea og Etiopia til Hornindal, som ein kanskje skulle tru.

Ta gjerne kontakt med Flyktningtenesta, Frivilligsentralen i Hornindal eller med Hornindal kommune. Vi har alle noko vi kan bidra med, og noko av det viktigaste vi kan gjere er å vise dei som flyttar til bygda at dei er velkomne. Om du har tips til aktivitetar, hus eller hybel du vil leige ut, om du er aktiv innan idrett eller i kulturlivet, har ein hobby du vil dele, om du treng hjelp til noko eller vil hjelpe nokon – ta kontakt! Vi håpar at du tek turen innom Smia og slår av ein prat!

Slutt på statskyrkja - men kommunekyrkja fortsett

av John Selmer Skiftesvik

Første januar 2017 var det slutt på statskyrkja i Norge. Ei kyrkjeordning vi har hatt sidan danskekongen innførte den lutherske reformasjon i 1537.

I einevelde sin ideologi kjem monark-makta frå «Guds nåde» og den kan det som kjent ikkje stillast spørsmål om. Men kva med statsrådar i regjeringa? Har Gud gjeve dei ein særskild visdom og åndeleg forstand til å styre eit trussamfunn framom andre tru og livssyn i eit fleirkulturelt og sekulært land?

Då nazi-styre ville bruke kyrkja til å fremje sin ideologi, la alle biskopane og dei fleste prestane ned sitt embete i 1942 og fekk ikkje løn frå staten. Etter krigen vaks det fram ei forståing i kyrkja for å løyse banda mellom ein verdsleg stat og eit trussamfunn. Men å få gjennomslag i politikken, har tatt meir enn eit halvt hundre år. Å få til grunnlovsending, trengs tverrpolitisk semje.

Gamle §2 i grunnloven:
Den evangelisk-luthers Religion forbliver Statens offentlige Religion. De Invaanere, der bekjenner seg til den, ere forpliktet til at opdrage sine Børn i same.

Ny grunnlov:

§ 2 Verdigrunnlaget skal framleis vere den kristne og humanistiske arven vår. Denne grunnlova skal trygge demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.

§ 16 Alle innbyggjarane har fri religionsutøving. Den lutherske kyrkje står ved lag som folkekyrkje og blir stødd som det av staten. Nærare føresegner om kyrkjesamskipnaden blir fastsett i lov. Alle trus- og livssynssamfunn skal bli stødde på lik line.

Ein kuriositet til at alle livssynssamfunn blir stødde på lik line: Når løna tilsette i Humanetisk forbund aksjonerer mot julegudsteneste for skuleelevar, er løna deira finansiert med tilskot frå staten, på lik line som kyrkja får.

Vi har kalla kyrkja for ei statskyrkje, men kunne like gjerne kalle ho ei kommunekyrkje. Biskop, prost og prest var embetsmenn som har vore løna av staten og staten løyver pengar til administrasjonen til bispedømme og kyrkjerådet. Den lokale kyrkja og dei tilsette er det kommunane som har økonomisk ansvar for. Dette er det historiske grunner til. Då Norge allereie i 1837 fekk kommunalt sjølvstyre, var det for å ta seg av det som har vore kyrkjelege oppgåver: skule, fattigstell og kyrkjene og ta makta frå embetsstanden. På bygdene var det presten og futen med lensmannen som sin forlenga arm. Bøndene på Stortinget ynskte å få retta på vanstellet av kyrkjene. Mange soknekyrkjer var fortsatt på private hender og med auka folketal var det trong for nye og større kyrkjer. Utvik, Hornindal, Nedstryn og Oppstryn kyrkjer er bygd etter at formannskapslova kom. Olden kyrkje var eigd av slekta til Peder Tonning, så her kom det ikkje ny kyrkje før i 1934. I 1837 var kommunegrensene dei same som prestegjeldsgrensene og i prestegjeld med fleire sokn, vart valet soknevis. Den gamle kyrkjeskatten, tiend, vart ein del av kommunekassen.

Heilt fram til 1954 var det krav om kyrkjeleg medlemskap for

kommunestyrerepresentantane. Det har ikkje alltid vore like kjekt å vere katolikk eller pinsevev i Norge.

Motstanden mot å forandre på statskyrkjeordninga har vore så stor, at den gamle lova om kyrkje og kyrkjegardar frå 1897, stod ved lag til 1996. Den nye kyrkjelova gjev kyrkjeleg fellesråd styringsoppgåva på vegne av sokna i kommunen og kommunen har plikt til å dekke dei lovpålagte utgiftene. Kommunen har høve til å yte tenesteyting i staden for pengar. Dette vert praktisert både i Hornindal og Stryn. Eit godt samarbeid og god utnytting av resursane er alle tent med. Om kyrkjene blir målingslitne, kan kommunestyrerepresentantane tenke på at det er dei som sørger for «kyrkjeskatten» til vedlikehald av kyrkjene.

At den norske kyrkja er organisert som ei lokal kommunekyrkje, får følger når det blir endra kommune og fylkesgrenser. Når Hornindal kommune slår seg saman med Volda etter 2020, kan ein rekne med at Hornindal sokn blir eit sokn i Volda prestegjeld og Volda kyrkjelege fellesråd. Hornindal prestegjeld forsvinn. Bispedømmegrensene blir endra. Bjørgvin minkar og Møre veks. Nordfjord prosti risikerer å misse ei pretestilling.

Litt frå Kyrkjemøtet 2017

Dei som ynskjer å lese om sakene og vedtak frå Kyrkjemøtet 2017 kan finne desse på :

https://kyrkja.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter_vedtak/kirkemotet-25.01.17--31.01.17-trondheim/

Kyrkjemøtet i år var det første etter at Den norske kyrkja

1. januar i år vart eige rettssubjekt og lausriven frå staten. Men kyrkja er likevel avhengig av pengar frå staten, og får i år vel 1,9 milliardar.

25.-31. januar vart årets Kyrkjemøte gjennomført i Trondheim og hovudtema for møtet var *Nåde*. Første møtedagen starta i Nidarosdomen med Gudsteneste kl 17 og etterpå var det mottaking i Erkebispegården med ordføraren i Trondheim kommune som vert.

Alle medlemmer til Kyrkjemøtet har møteplikt og møtedagane starta i plenum kl 09. Det var sendt ut detaljert møteplan og sakliste vedlagt ei mengd saksdokument.

På Kyrkjemøtet er vi delt inn i komitear, og bortsett frå nokre få endringar var vi i same komiteen som i fjor. Eg var også i år i komite C som har saker om økonomi og revisjon. Saksdokumenta til saker som komiteen handsamar må ein sjølsagt setje seg godt inn i. Og det kan vere krevjande og til dels vanskeleg å finne ut kva alt inneber.

Tyngste saka vi hadde i komiteen var nok 'KM 07/17: Kirkemøtets fordeling av midler for 2018 og orientering om budsjett for 2017'. Det er Kyrkjemøtet som vedtek retningslinjer og fordelingsnøklar i økonomiske saker, men det er Kyrkjerådet som set opp budsjett og Kyrkjemøtet fekk budsjettet for 2017 til orientering.

I nemnde sak KM 07/17 oppdaga vi at det berre var sett av pengar til lønsauke for tilsette i rettssubjektet, dvs mellom anna til prestane. Tilsette i trusopplærin-

ga har fellestråda som arbeids-gjevar og får tilskot frå den statlege rammeløyvinga som Kyrkjerådet disponerer. Men her var det altså ikkje sett av midlar til å auke opp tilskotet ved lønsauke. Vi var fleire i komiteen som reagerte på dette, og vi klarte å bli samde om følgjande merknad: 'Ved budsjettøkningar eller budsjettkutt, tilstrebes likebehandling mellom budsjettgruppe 1A og 1B'. - Løn til prestane ligg i 1 A og tilskot til trusopplæring ligg i 1B. Komiteen sitt saksframlegg i KM 07/17 vart samrøytes vedteke etter andre gongs handsaming i plenum.

Eg vil også kort nemne nokre andre saker:

I 'KM 05/17 Revisjon av dåpsliturgi' vart det vedteke ny ordning for dåp, og denne kjem i staden for ordninga frå 2011. Den nye ordninga skal takast i bruk seinast 1. september i år. Joh. 3,16 kom inn i dåpsliturgien i 1981, og det vart mykje diskusjon om Joh 3,16 skal vere med i den nye. Det var korkje fleirtal for å ta det bort og heller ikkje for å gjere det obligatorisk. Så då måtte resultatet bli at Joh 3,16 KAN lesast.

I 'KM 04/17 Fastsetting av liturgisk musikk' vart det også gjort vedtak. Ved siste Gudstenestereform vart det lagt ned mykje arbeid med lokal grunnordning også ved val av liturgisk musikk. Det er no vedteke 3 allmenne hovudseriar og 2 kyrkjeårs-bestemte tilleggs-seriar. Og det er regelfesta at: 'Val av liturgisk musikk vert meldt til biskopen for godkjenning'. Det var framlegg om å setje punktum etter biskopen, men det fekk ikkje fleirtal. Og biskopen vår har

signalisert at han vil vere streng.

'KM 06/17 Vigsel og forbønns-liturgi 2017' var vel den saka som utløyste mest kjensler og sterkast usemje. Det vart vedteke på Kyrkjemøtet 2016 at det skulle utarbeidast liturgi for vigsel av likekjønna par, og denne skulle også kunne brukast av alle par. Det er no 2 likestilte liturgiar. Liturgien frå 2003 gjeld framleis og framlegget til den nye vart vedteken utan endringar. Dei to liturgiane er altså VIGSEL 2003 og VIGSEL 2017.

Kyrkjemøtet held fast på:

- 'at prester har frihet til å velge om de vil foreta vigsel av likekjønnede par eller forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom likekjønnede. Andre kirkelig ansatte bør også ha en tilsvarende mulighet til ikke å medvirke ved den kirkelige handlingen'

- 'at uenighet i dette spørsmålet teologisk bedømt ikke er av en slik karakter at det gudstenestelige og sakramentale fellesskapet i Den norske kirke må brytes. Begge syn på likekjønnet ekteskap kan derfor gis rom og komme til uttrykk i kirkens liturgiske ordninger, undervisning og forkynnelse'

Når det gjeld andre kyrkjelege tilsette nemnde i første strekpunkt, så er formuleringa slik fordi det er fellestråda som arbeids-gjevar som kan gje slike fritak. Denne saka vart vedteken med 83 røyster av 112 med røysterett.

Neste Kyrkjemøte er i april 2018, og no er det Kyrkjerådet som er ansvarleg for å styre etter Kyrkjemøtet sine vedtak.

Vemund Øiestad

-Medlem av Kyrkjemøtet
og Bjørgvin Bispedømeråd-

Konsekvensar av utmelding

<http://kirkeaktuelt.no/konsekvensar-av-utmelding/>

Den som melder seg ut av kyrkja, har rett til informasjon om kva som følgjer av utmeldinga. Ein mister både kyrkjelege rettar og plikter. Her er nokre forklaringar på kva som skjer i kyrkjelege handlingar og spørsmål – med svar.

Kyrkja si oppgåve

Kyrkja si oppgåve er å bringe budskapet om Jesus Kristus som verdas Frelsar til alle menneske, utan omsyn til dei motiva folk har for å søkje seg til kyrkja sine tenester. Bispedøma, prostia og sokna (= kyrkjelydane) er geografiske einingar som dekkjer heile landet. Alle innbyggjarane i Noreg bur dermed i eit av Den norske kyrkja sine sokn. Den norske kyrkja vender seg mot heile befolkninga. Også utmelde og andre som ikkje er medlemmer i Den norske kyrkja, er velkomne til kyrkja sine gudstenester og andre arrangement.

Dåp

Dåp er ei kyrkjeleg handling. Foreldre som er utmelde kan ikkje utan vidare krevja å få sine barn døypte. Barsedåp føreset at barna får oppseding i den kristne trua. Dersom foreldre som står utanfor kyrkja, likevel ønskjer at barnet skal få ei kristen oppseding, kan barnet bli døypt etter nærare avtale med presten. Ein føreset at barn som gjennom dåpen er blitt medlem av Den norske kyrkja, tar del i dåpsopplæringa i kyrkja.

Konfirmasjon

Konfirmasjon byggjer på at konfirmanden er døypt i Den norske kyrkja eller i eit anna kristent trussamfunn. Udøypte kan delta i konfirmasjonsførebuingane, men kan ikkje delta ved forbønshandlinga på konfirmasjonsdagen. Stadig fleire unge og vaksne, blir døypte i samband med konfirmasjonen. Talet på vaksendøypte er stigande i dei fleste folkekyrkjene i Europa.

Kan eg gifte meg i kyrkja om eg melder meg ut?

Ikkje nødvendigvis. Kyrkjeleg vigsel kan ein ikkje krevje om ingen av brurefolka høyrer til Den norske kyrkja. At ein av brudefolka er medlem vil normalt være tilstrekkeleg for at vigsel kan skje i kyrkja.

Kan eg vere fadder om eg ikkje er medlem?

Fadder kan normalt bare den være som er medlem av Den norske kyrkja. Ein fadder tek på seg viktige oppgåver når det gjeld den kristelege oppsedinga av den døypte. Som fadder kan ein likevel velje personar som er medlem av eit anna kristent trussamfunn og som ikkje forkastar barsedåpen. Ein fadder skal kunne stadfeste at barnet er døypt, og blir ikkje sletta frå dåpsregisteret i kyrkjeboka sjølv om han/hun melder seg ut av kyrkja.

Kan eg gravleggjast av prest i Den norske kyrkja om eg ikkje er medlem ?

Kyrkjeleg gravferd blir som regel ikkje gjennomført når avdøde har stått utanfor kyrkja. Dersom dei næraste pårørande ønskjer kyrkjeleg medverknad ved gravferda, har presten likevel høve til å forrette kyrkjeleg gravferd.

Kan eg nytte kyrkja som seremonistad til gravferd om eg ikkje er medlem i Den norske kyrkja?

Nei. Kyrkja kan ikkje nyttast som livssynsnøytralt seremonirom.

Kan eg melde meg inn att i Den norske kyrkja seinare om eg har meldt meg ut?

Det er fullt ut mogleg å melde seg inn att i kyrkja, og det er dessutan mogleg for folk som før ikkje har vore medlem å melde seg inn. Har du hatt kristen dåp som barn eller vaksen, vil du ikkje bli døypt på nytt når du melder deg inn.

Kan eg røyste i kyrkjevalet når eg ikkje er medlem?

Nei, røysterett ved kyrkjelege val har berre medlemmane i kyrkja. Utmelde kan ikkje delta ved sokne- rådval eller røyste på soknemøtet. Det er berre medlemmer som kan ta på seg kyrkjelege verv. Utmelde kan ikkje bli valde inn i sokneråd, bispedømmeråd, o.l. Kyrkjelege stillingar må ein vera kyrkjemedlem for å inneha. Det gjeld ikkje berre pretestillingar, men òg organistar, kyrkjetenare, kyrkjevevjer osv.

Dei borgarlege rettane blir ikkje rørte ved inn- eller utmelding av Den norske kyrkja

Økonomisk har kyrkjemedlemskapen ingen personlege følgjer. Det er ikkje eigen kyrkjeskatt i Noreg. Alle registrerte trus- og livssynssamfunn mottok støtte pr. medlem frå stat og kommune tilsvarende løyvingane til Den norske kyrkja pr. medlem.

Min salme

av Kari Runde



Det er en salme i Salmeboka som stikker seg ut blant de andre,- en salme av Trygve Bjerkrheim.

Denne salmen har jeg blitt så glad i, og teksten om at det er makt i de foldede hendene,- om de er små eller store, rynkete eller glatte, fulle av arbeidsmøkk eller nyvasket. - Om vi folder dem fysisk eller vender vårt blikk til vår himmelske Far, så hører og ser Han hvordan vi har det,- i alle situasjoner. Han ser rett inn i hjertene våre, og ser våre motiver. På arbeidsplassen min ser jeg ofte foldede hender, enten i senga eller der de sitter i stolen sin,- det er noe av det fineste jeg ser! Det er ikke sikkert at det alltid har vært slik, men de har oppdaget at det er en plass de kan vende seg



Det er makt i de foldede hender

Det er makt i de foldede hender. I seg selv er de svake og små. Men mot allmaktens Gud du dem vender, han har lovet at svar skal du få.

Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer, det frem dog skal nå. For det lovet jo løftenes trofaste Gud; Kall på Meg, og du hjelpen skal få!

Du som ber for ditt barn, dine kjære, er i forbønn fra år og til år, om du tålmodets lekse må lære, himlens bønnesvar engang du får.

Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer, det frem dog skal nå. For det lovet jo løftenes trofaste Gud; Kall på Meg, og du hjelpen skal få!

Det er makt i de foldede hender når i Frelserens navn du får be. Og engang når du livsløpet ender, hvert et bønnesvar klart skal du se.

Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer, det frem dog skal nå. For det lovet jo løftenes trofaste Gud; Kall på Meg, og du hjelpen skal få.

Trygve Bjerkrheim

mot, og at der finns en fred og trygghet i foldede hender. Det er sikkert mange av oss som har opplevd bønnesvar, ikke bare en gang for lenge siden, men i nåtid! Og sikkert mange venter på å få svar, men en ting er sikkert: vi kommer til å få svar! Ofte drøyer Han med svarene, og kanskje Han gjør det for å prøve oss, se om vi er utholdende nok, om vi stoler på det Han har sagt. Eller er bønnene våre selvsentrert om meg og mitt?

En ting er sikkert, Han ser hva som er til det beste for sine barn. Det er ikke alltid vi ville ha gitt våre barn alt det de ville ha, for ikke alt er til det gode for barnet vårt. Han har tross alt fredstanker for sine barn,- ikke ulykkestanker. Han vil gi oss framtid og håp! Mange ber for sine barn, barnebarn, venner osv. og har gjort det i mange år, men fortsetter, -de lever i håpet om at Han en dag vil tømme bønneskåla og svare. Bønn er det viktigste våpen vi har,- for

våre våpen er ikke fysiske. Men ofte blir vi så utålmodige når det ikke skjer. Mange ganger får vi ikke svar før etter mange år, og noen ganger glemmer vi det bort, men når vi blir minnet på det,- blir det stort! Han har lovet oss svar: Be, så skal dere få! Kanskje mange av svarene ikke blir besvart før livsløpet er over, men da vil vi se det klart. Tenk på alle løftene som står i Bibelen! De svikter ikke!

Personlig har jeg fått mange slike løfter de siste årene. Løfter som gjør noe med meg, jeg kjenner at det på en måte blir noe Han har gitt meg! Det blir en del av meg! Og når det blir bedt inn i det, bare vet jeg at Han har en plan akkurat der, selv om jeg ikke alltid ser det helt klart. Fortsett å be, ikke gi opp! Han vil gi oss svar på bønnene, det har Han lovet oss! Gud lyver ikke! Hans ord står fast om alt annet vil rokke!

Jeg vil utfordre Elin Endal Åbrekk til å dele sin salme!

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



HÅP

Ved nyår fekk tidslinja eit nytt punkt. Året 2016 var fullført, og eit nytt år starta.

Ved årsskiftet ser vi etter meiningar i året som gjekk, og etter håp som ligg framan for. For mange vart året 2016 eit spesielt år. Dette året kjem eg til å minnast. Det var flyktningane omkring oss som gjorde det spesielt. Kvar dag gjekk fleire gjennom tunet vårt. Dei kom oss nær. Før dei kom til Utvik, bar vi på ein redsel - ein unødvendig redsel.

I januar kom dei. Dei hadde eit håp om noko betre og tryggare enn i heimlandet. Nokre hadde klatra over gjerde. Nokre hadde gått over fjell. Nokre kom i gummibåt over Middelhavet. Det var farlege reiser, og vi veit at ikkje alle kom fram. Dei håpte på at eit land i Europa ville ta i mot dei.

Mottaket i Innvik tok vel i mot dei. Der var personale som hadde omsorg for dei, og mange frivillige hjelpa til.

Flyktningane møtte oss med eit smil, eit hei. Vi samtalte med dei så godt vi kunne, og vi var i lag med dei på turar, i arbeid og rundt matbordet.

På mange måtar vart året ei glede i lag med mange ukjende. Dei viste oss tillit, og dei tok i mot ei hjelpande hand. Språkvanskar gjorde at vi ikkje fekk vite så mykje om livshistoriene deira. Redsel for ikkje å få opphald hadde dei. Månad etter månad drog ut før dei fekk svar. Alle eg snakka med, ønskte opphald.

November vart ein tung månad. Mottaket vart avvikla. Så var det å flytte til nye stadar, nye husvære, nye kontor, nye skular og nye folk å omgåast. Vi kjende både sorg og sakn då dei gjekk inn bussdøra, og vi vinka farvel. Var det siste ordet til dei og siste blikket?

Ikkje alle er reiste frå bygdene våre. Lat oss vere i kontakt med dei som vert buande her framleis! Dei har reist frå heim

og familie, og tankane deira går sikkert ofte til heimlandet.

Nyttårsaftan sat eg i takksemd for eit krevjande og godt år som var til ende. Ein kjær ven kom fram i tankane. Eg hadde sagt siste farvel til henne også dette året. Ein gong fortalde ho at på nyttårsaftan ønskte ho å vere åleine. I stilla brukte ho å få eit vers eller ei setning som ho kunne ta med seg inn i det nye året.

Eg sat og bladde i ei avis. Plutseleg ser eg ei setning med feite og store bokstavar: "*Gud vil at du skal leggja deg med håp for dagen i morgon og for evigheita.*" Så fekk eg starte det nye året i håp, og det gav meg tryggleik.

"Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgon. Din truskap er stor." Klagesongane 3.22-23

Har vi ikkje håp, så er vi motlause. Lat oss takke for kvar ny morgon i fridom og fred!

Utdrag frå Årsmelding 2016 frå Nordfjord prosti.

Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet: Har kyrkja vore synleg i media? Vi hadde kurs i 2015 om korleis vi skulle nå ut i media. Ikkje minst få merksemd på trusoplæringsaktivitetane (tårnagentane, Lys Vaken m.m) Vi har fire lokaler i Nordfjord, men vi kan bli flinkare å få kome på bana. Men du vil helst ha både gode saker og tid og overskot til å tenke media. *Nokre kyrkjelydar har særskilt gode kyrkjeblad som når godt ut til folket. Då vil eg særleg framheve Kyrkjebladet for Gloppen og Kyrkjebladet for Stryn og Hornindal.*



Velkomen til konsert og festkveld på Yrineset!

Torsdag 11. mai inviterer vi til festkveld for ungevaksne og vaksne på fantastiske Yrineset. Med oss denne kvelden har vi fått låtskrivar, vokalist, musikar og poet Trygve Skaug.



Trygve Skaug er låtskrivar, vokalist og poet. Han er kjent frå bandet St Morritz og som soloartist. Musikken hans har sidan 2010 vore over 120 veker på NRK P1 A-, B-, og C-lister. Han er ein av dei mestselgande lyrikarane i Norge og låg på topp 10-lista for lyrikk gjennom heile 2016. Du kjenner kanskje songane “Prøve meg igjen” eller “Allting blei stilt” frå StMorritz, eller “Martyren” og “Heldig” frå soloplatå hans. I tillegg er dikta hans blant dei mest delte på sosiale medier.

Ein konsert med Trygve er ei blanding av gode tekster, høg musikalsk kvalitet, lun poesi og finurlige betraktningar om livet slik det er og slik vi drøymmer om at det skal vere.

“Jeg er temmelig sikker
på at jeg aldri helt vil forstå
hvorfor jeg var så heldig å få deg
Det eneste som jeg vet
er at et eller annet sted
så finnes en himmel som sendte deg til meg”

- Trygve Skaug i songen “Heldig”-

Skaug har i tillegg til eigne låtar med seg nokre av sine treffsikre oversetjingar av kjente internasjonale storlåtar av blant andre Cash og Dylan.

Det er trusopplæringa som er vertskap for denne samlinga. Som regel er det borna og ungdommane vi har arrangement for, men no har vi lyst å lage ein kveld for småbornsforeldre, frivillige leiarar og alle andre som

har lyst å vere med. Ein kveld der du skal få ta imot og nyte. Vi gler oss!

*Det kjem meir informasjon om arrangementet når det nærmar seg, men veit du allereie no at dette vil du ha med deg, så kan du sende ein mail til **beate.nes@stryn.kommune.no** og tinge plass.*

“Det ble en helt magisk kveld! Jeg blir sittende og måpe over ferdighetene hans både underveis, og mellom låtene, så vel som når han tar innledninger og når han avslutter. Oversettelsen og tolkningen hans av «Don't Think Twice, It's All Right» kommer jeg til å bære med meg lenge!”

Sitat Ole Halvor Fossum

“For en kveld Trygve Skaug ga oss! Ikke visste jeg at det fantes så mange tanker, musikalitet, lunhet, humor og tilstedeværelse i en og samme artist.”

Sitat Wenche Smestad



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Or kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

Utvik

Døpte

8/1 *Martine Rosøy Tisthamar*
(døpt i Innvik)
For.: Anders Valaker
Tisthamar og Mariam Rosøy
Wathne.

29/1 *Oline Haugen-Nesdal*
(døpt i Innvik)
For.: Jan Erik Nesse Nesdal og
Ellen Hilde Haugen

Innvik

Døde

8/12 Signy Skåden, f. 1924

Olden

Døpte

6/11 *Jakob Strand Beinnes*
For.: Jan Michael Beinnes og
Elisabeth Strand

6/11 *Ida Hagelskjær Vangberg*
For.: Geir Øyvind Vangberg og
Cecilie Hagelskjær Vangberg

Døde

14/10 Kåre Narum, f. 1946
31/12 Gunnar Nygjerd, f. 1939
8/1 Rita Josefine Skarstein, f.
1935
15/1 Geirtrud Yri, f. 1927

Hornindal

Døpte

13/11 *Mimir Alme Brendefur*
For.: Torill Alme Brendefur og
Erling Brendefur. (døpt i Sun-
nylven kyrkje)
27/11 *Kaja Lødemel*
For.: Beate Lødemel og Endre

Lødemel

5/2 *Ella Sofie Sætren Espe*
For.: Ingvild Kjellstadli Sætren
og Tore Hjelle Espe

5/2 *Rasmus Horne*
For.: Siri Valheim og Martin
Johnsen Horne

Vigde

30/12 Marianne Burow og
Sondre Heggen

Døde

25/10 Kjell Roar Lillestøl f. 1946
6/12 Jarle Brendefur f. 1961
12/1 Knut Olai Espe f. 1927

Nordsida

Døpte

20/11 *Lars Lunde Bergset*
For.: Agathe Lunde Bergset og
Odd-Arne Bergset

11/12 *Mathias Ulvedal Solheim*
For.: Ina-Mari Ulvedal og Mats
Goberg Solheim

11/12 *Nina Blakset*
For.: Sonja Micic Bratland og
Øyvind Blakset

22/1 *Elisa Ulvedal Nesje*
For.: Marita Ulvedal og Håvard
Johan Nesje

Randabygd

Døde

6/1 Bjørg Rand f. 1933
14/1 Maria Hammer f. 1918

Oppstryn

Døpte

23/10 *Laura Flo-Thorsdal*
For.: Anne Lene og Øyvind Flo-
Thorsdal

Døde

31/1 Martha Lindvik f. 1919
5/2 Audun Hjelle f. 1928

Nedstryn

Døpte

16/10 *Isak Nesdal Lundevall*
For.: Linda Nesse Nesdal og
Hans Kristian Rakneberg Lun-
devall
(retting av dåpsdato og kyrkje)

30/10 *Frida Nygård-Unneland*
For.: Malin Unneland og Ole-
Mathias Nygård

30/10 *Sander Berstad Lødemel*
For.: Ruth Berstad Lødemel og
Øyvind Lødemel

30/10 *Lars Flo*
For.: Henriette Kristin Vinsrygg
Moen og Even Flo

27/11 *Vårin Koppen Tvinnereim*
For. Ingeborg Koppen Hesesevik
og Torstein Tvinnereim

27/11 *Jakob Bø Eimhjellen*
For.: Ingeborg Bø Eimhjellen
og Bjarte Eimhjellen

Døde

27/10 Helga Karolina Fure f.
1930
15/12 Liv Mork f. 1932
27/12 Jarle Dragesæt f. 1956
13/1 Anders Edvard Kirkeeide
f. 1924
19/1 Alf Wallestad f. 1936
22/1 Inger-Britt Glosvik Espe-
land f. 1972

Vigde

31/12 Kristin Hool og Espen
Tøsdal Lehrmann


Loen

Døpte

6/11 *Johannes Sæten*
For.: Siri Brekke og Kjetil Sæten

Vigde

12/11 Camilla Anett Nærø Or-
ten og Thomas Moa Akslen



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

12. mars; 2. s i fastetida – Matt 15, 21-28

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Tårnagent
- Hornindal 11:00 Gudsteneste. Tårnagent og LysVaken
- Olden 16:00 Gudsteneste. Tårnagent

17. mars; fredag

- Nedstryn 19:00 Konsert ved Maria Arredondo og Torstein Sødal

19. mars; 3. s i fastetida – Luk 11, 14-28

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 11:00 Gudsteneste
- Utvik 16:00 Gudsteneste

26. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 26-38

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 16:00 Gudsteneste

02 april; 4. s i fastetida – Joh 11, 45-53

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Loen 19:00 Salmekveld

09. april; Palmesøndag – Joh 12, 12-24

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Ljosheim 20:00 Gudsteneste

13. april; Skjærtorsdag – Matt 26, 17-30

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste
- Bruasetra, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste
- Nordsida 20:00 Kveldsgudste-

neste

14. april; Langfredag – Luk 22, 39 – og 23, 46

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Sunnmøre kristelege mannskor vert med.
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Innvik 16:00 Konsert med Sunnmøre kristelege mannskor
- Olden 20:00 Kveldsgudsteneste

16. april; Påskedag – Luk 24, 1-9

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste
- Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste

17. april; 2. påskedag – Luk 24, 13-35

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Loen 18:00 Gudsteneste

23. april; 2. s i påsketida – Joh 21, 1-14

- Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
- Kulturhuset, Stryn 18:00 Konfirmantmusikal. Fellesframføring med alle konfirmantane i Indre Nordfjord. Er i staden for samtalegudstenestene

30. april; 3. s i påsketida – Joh 10, 11-18

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

- Nedstryn 19:00 Kveldsgudsteneste

07. mai; 4. s i påsketida – Joh 16, 16-22

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 20:00 Kveldsgudsteneste

11. mai; torsdag

- Yrineset, Oldedalen Konsert med Trygve Skaug. Meir info kjem etter kvart

14. mai; 5. s i påsketida – Joh 15, 1-8

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

17. mai; onsdag – Luk 1, 50-53

- Nedstryn 09:30 Festgudsteneste
- Nordsida 10:30 Festgudsteneste
- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste
- Olden 11:00 Festgudsteneste
- Innvik 11:30 Festgudsteneste
- Randabygd 12:00 Festgudsteneste
- Hornindal 12:00 Festgudsteneste
- Loen 13:00 Festgudsteneste
- Utvik 13:00 Festgudsteneste

20. mai; laurdag

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
- Randabygd 11:00 Konfirmasjon

21. mai; 6. s i påsketida – Luk 18, 1-8

- Olden 11:00 Konfirmasjon

25. mai; Kristi himmelfartsdag – Mark 16, 19-20 Skaparverkets dag

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
- Utvik 11:00 Konfirmasjon

- Nordsida 11:00 Konfirmasjon
- Oppstryn 13:00 Konfirmasjon
- Ljosheim 15:00 Gudsteneste.

27. mai; laurdag

- Hornindal 10:00 Konfirmasjon 1
- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
- Loen 11:00 Konfirmasjon
- Innvik 11:00 Konfirmasjon
- Hornindal 12:00 Konfirmasjon 2

28. mai; søndag før pinse – Joh 15, 26-27

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

04. juni; Pinsedag – Joh 20, 19-23

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste

05. juni; 2. pinsedag – Joh, 5-11

- Bergsetnausta, Nordsida 12:00 Naustmesse for heile Indre Nordfjord

10. juni; laurdag

- Loen Familiedag. Meir info kjem etter kvart

11. juni; Treeinighetssøndag – Matt 28, 16-20

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste

18. juni; 2. s i treeiningstida – Matt 3, 11-12

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Kvalen, Randabygd 14:00 Friluftsgudsteneste
- Utvik 16:00 Gudsteneste

25. juni; 3. s i treeiningstida – Luk 14, 15-24

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Sundshaugen, Olden 14:00 Friluftsgudsteneste

02. juli; 4. s i treeiningstida – Markus 10, 17-27

- Selja, Selje 12:00 Økumenisk gudsteneste i klosterruinane

Kyrkjelydskalenderen 2017 for Stryn Prestegjeld

Kyrkjelydskalenderen 2017 vart utsendt til husstandane i Stryn prestegjeld like etter nyttår.

Kalenderen vil òg ligge i dei 3 kyrkjene, slik at dei som eventuelt ikkje har fått han, kan finne han der.

På kalenderen har det dessverre sneke seg inn 3 feil. Det ser ut som at det er Gudsteneste i alle 3 kyrkjene 2. pinsedag (5/6) og 2/7. Den 5. juni er det felles Gudsteneste ved Bergsetnausta, og den 2. juli er det felles Gudsteneste ved Seljumannamessa.

Ved ein feil har 7. søndag i treeiningstida fått dato 24/7 i staden for 23/7.

Trykkekostnaden for kalenderen vert dekkja av reklamesalet. Derfor vil det som vert gjeve på gåvekontoen gå uavkorta til kyrkjelydsarbeidet i dei 3 sokna.

Takk til annonsørar og glade gjevarar.

Følg elles med i Fjordingen og Kyrkjelokka om eventuelle endringar i gudstenesteplanen.

Et liv etter fødselen

Fritt etter Kornelius Novak

I en mors livmor ligger to babyer. Den ene spør den andre: «Tror du på et liv etter fødselen?» Den andre svarer. «Ja, selvfølgelig. Det må vere noe etter fødselen. Kanskje vi er her for å forberede oss på hva vi skal bli senere.»

«Tøys,» sier den første. «Det er ikke noe liv etter fødselen. Hva slags liv skulle det være?» «Jeg vet ikke» sier den andre, «men det vil være mer lys enn her. Kanskje kan vi gå på bena våre og spise med munnen?» Den første svarer «Det er absurd. Å gå er umulig. Og å spise med munnen? Latterlig! Navlestrengen gir oss næring og alt vi trenger. Men navlestrengen er så kort. Livet etter fødselen er logisk umulig.»

«Vel, jeg tror det må være noe», insisterte den andre «og kanskje det er annerledes enn det er her. Kanskje trenger vi ikke den fysiske navlestrengen lenger». Den første svarer, «Nonsens. Og dessuten, hvis det finnes noe mer, hvorfor har ingen kommet

tilbake derfra? Fødselen er slutten på livet, og i etter-fødselen er det ingen ting annet enn mørke og stillhet og glemsel. Den fører oss ingensteds».

«Vel, jeg vet ikke», sier den andre «men vi vil helt sikkert møte Mor, og hun vil ta vare på oss.» Den første svarer: «Mor? Tror du virkelig på Mor? Det er latterlig. Hvis mor eksisterer, hvor er hun nå?» Den andre sa: «Hun er overalt rundt oss. Vi er omsluttet av Henne. Det er i Henne vi lever. Uten Henne hverken kunne eller ville denne verden eksistert». Den første sa: «Vel, jeg kan ikke se Henne så det er bare logisk at Hun ikke eksisterer.»

Til dette svarte den andre: «Noen ganger, når du er i stillhet og fokuserer og virkelig lytter, kan du oppfatte Hennes nærvær og du kan høre Hennes kjærlige stemme som snakker til oss fra oven».



B

 Fulldistribusjon

Bli med på

Områdestemne og årsmøte for NMS-Nordfjord

søndag 2.april 2017 på Eid

- 11.00: Misjonsgudsteneste
v/Øystein Mathisen
og Ingvald A. Frøyen
- 13.00: Middag
- 14.00: Årsmøte
- 15.30: Misjonsfest
Festtale v/Ingvald A. Frøyen
Song og musikk v/Elena
Kadlas og barnekor.



Påmelding til middag:

Elin Ytrehorn 57879497/48119282
innan onsdag 29.mars



BLI BØSSEBERAR

Fasteaksjonen 2. – 4. april

Ta kontakt med din kyrkjelyd



KIRKENS NØDHJELP
actalliance




JA, VI ELSKAR DETTE VATNET



Bli ein brønnbyggjar
– støtt Fasteaksjonen

2.-4.
april

KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten rundt 30. juni. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 3. juni.